

Naturtypar i Aure kommune - 2015

Notat frå Bioreg AS til Fylkesmannen i MR

29.04.2015

Innhold

Lok. nr. 1. Kvenngrøfjellet (Rik fastmark i fjellet C03).....	2
Lok. nr. 2. Fløvalen, strandberg. Open kalkmark (B13)	6
Lok. nr. 3. Fløvalen, brakkvasspoll. Pollar (I05)	9
Lok. nr. 4. Kiplesundvatnet. Middels kalkrik innsjø (E15).....	12
Lok. nr. 5; Aukan. Rik boreal lauvskog.....	15
Lok. nr. 6 Aust for Lesundbrua. Open kalkmark (B13)	18
Lok. nr. 7 Sandvikbugen.	21
Lok. nr. 8. Tverrbotnen. Slåttemyr	24
Lok. nr. 9. Melan: Hamnhaugen aust, strandeng	28
Lok. nr. 10. Melan: Øygarden	30
Lok. nr. 11. Stemshaug: Øygarden N	34
Lok. nr. 12. Stemshaug	36
Lok. nr. 13. Hjelaosen	41
Lok. nr. 14. Hjelavika	43
Lok. nr. 15. Rishaugan.....	46
Lok. nr. 16. Hundhammaren.....	50
Lok. nr. 17. Trommå	53
Lok. nr. 18. Trommå nord	55
Lok. nr. 19. Viavika.....	58
Lok. nr. 20. Stormyra ved Hundhammarvatnet.....	60
Lok. nr. 21. Lia aust.....	63
Lok. nr. 22. Vikaberga	66
Lok. nr. 23. Åsen aust I	69
Lok. nr. 24. Vika, innmarka	72
Lok. nr. 25. Vika	74
Lok. nr. 26. Åsen aust II	76
Lok. nr. 27. Fuglvågen.....	79
Lok. nr. 028 Skausetelva, nedre del.....	81

Lok. nr. 1. Kvenngrøfjellet (Rik fastmark i fjellet C03)

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7 020 505 Ø 487 390

Høgde over havet: Ca 400-617 m

Areal: 390 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Rik fastmark i fjellet C03 (100%)

Utforming: Rik rabbe (C0304) 35 %, Rik leside (C0305) 30 %, Rik fjellgrashei (C0306) 15 % og Rikt snøleie (C0307) 20 %.

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 30.07.2000 og 13. og 20.08.2000 av Finn Oldervik og 23.11.2011 av Oddvar Olsen og Karl Johan Grimstad (siste). Oldervik har elles oppsøkt lokaliteten fleire gonger også etter vitjingane i 2000.

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 07.04.2014 og supplert den 04.05.2014 av Finn Oldervik, begge tilsett i Bio-reg AS. Seinare, i april 2015 vart skildringa omarbeidd av sistnemnde i sam-svar med faktaark frå 30.05.2014. Det er noko usikkert kor vidt botanikar John Kaasa oppsøkte den delen av fjellet som omfattar denne lokaliteten, men han har i alle fall vore i nærleiken (1955) (Kjelde: Artskart). Dei grundigaste undersøkingane av plantelivet vart gjort av Finn Oldervik den 13.08.2000 og den 20.08.2000, men lokaliteten har også vore oppsøkt av same person seinare. I vitjingane i 2000 vart det tatt belegg og pressa ei rad med plantar som no ligg i Herbariet ved Vitskapsmuseet i Trondheim. Sist vart lokaliteten undersøkt 23.11.2011 av Oddvar Olsen og Karl Johan Grimstad for Bioreg AS i samband med naturtypekartlegging i Aure kommune. Ved det siste høvet konsentrerte ein seg mest om kryptogamar, dvs, mosar og lav.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust i Aure kommune, ikkje langt søraust for tettstaden Stemshaug. Den omfattar den bratte nordaustlege sida av fjellet, i tillegg til delar av den mykje flatare toppen. Det er lite trevegetasjon innan den avgrensa lokaliteten, berre noko spreidd fjellbjørk, samt spreidde vierkratt. Mellom forvitningsmassane nedst og det flatare området opp mot toppen er det ein del bratte uframkomelege, men stort sett vegetasjonskledd bergveggar, opprivne av ein del kløfter. Mot aust og opp mot toppen finn ein meir rabbeprega område. Det same kan seiast om den nordvestlege delen av lokaliteten. Berggrunnen i dette området består

av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg heile lokaliteten i lågalpin vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som hovudnaturtypen; Rik fastmark i fjellet C03 (100 %) med følgjande utformingar og fordeling: Rik rabbe (C0304) 35 %, Rik leside (C0305) 30 %, Rik fjellgrashei (C0306) 15 %, Rikt snøleie (C0307) 20 %, og den er dermed ein mosaikk mellom rabbar, lesider, fjellgrashei og snøleier.

Artsmangfald: Namnet på denne lokaliteten kjem av at det gror fjellkvann der, noko som er uvanleg i Aure, der dette er den einaste kjende lokaliteten. Snøsildre er ein annan art som har sin einaste kjende førekomst i kommunen her. Også artar som fjellstorr, reinrose, sotstorr og svartstorr har få registrerte funn frå Aure andre stadar i kommunen. Dei fleste av lavane som vart registrert her i 2011 er meir eller mindre kalkkrevjande og fleire er svært sjeldne med få andre funn etter siste årtusenskifte. Ein kan særskild nemna artar som fjellfiltlav, kalkfiltlav og kalknever som særskild kalkkrevjande (Kjelde: Artskart). Ein annan registrert art her, *Protoblastenia siebenhaariana*, har sin einaste kjende førekomst i fylket her, medan *Flavoplaca citrina* er ein av to kjende førekomstar i fylket. *Placidium lachneum*, ein kalkkrevjande fjellart, har også sin einaste kjende førekomst i fylket i Kvenngrøa. Ein annan kalkkrevjande fjellart er *Lecanora frustulosa*, som unateke eit gamalt funn (1908) frå Geiranger, også er den einaste kjende førekomsten i Møre og Romsdal. Av sterkt kalkkrevjande mosar kan nemnast; skjermose, spindelose og brunmakkose. Men dei fleste mosane som vart registrert her i 2011 er enten kalk/basekrevjande eller sterkt fukt-krevjande, dei siste knytt til kløftene i dei bratte nordvende bergveggane. Av andre meir eller mindre interessante mosar vart registrert; blåflik, broddglefsemose, broddtvibladmose, doggkjeldemose, fjellputemose, fjellrundmose, flekkmose, glansperlemose, gulband, gåsefotskjeggmose, heiflette, krypsnøsmose, kystskjegg, lyngskjegg, nøsteknausing (sjeldan), oljetrappemose, piggtrådmose, rabbeåmemose, rødmesigmose og spriketvibladmose.

Det vart også registrert mange andre basekrevjande artar her, og ein kan mellom annan nemne aksfrytle, bergfrue, bergveronika, bjørnebrodd, fjellfrøstjerne, fjellkvein, fjellkvitkurle, fjelltistel, grønstorr, gulsildre, gulstorr, jåblom, kastanjesiv, knegrass, kornstorr, loppestorr, puterapp, raudsildre, reinrose, svartstorr, svarttopp, trillingsiv og tvibostorr. Til saman vart det registrert over 100 karplante-artar innanfor lokaliteten. Mange av desse er lagt inn på Artskart, men langt frå alle. I busksjiktet er det registrert noko småvaksen selje (fløyelsselje) og fjellbjørk, i tillegg til ein del vierartar som mellom anna bleikvier, myrtevier, rynkevier, ullvier og øyrevier.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten har vore beita av sau i uminnelege tider og er det framleis, men det er no få beitedyr som nyttar Kvenngrøa for sommarbeite. Det er einskilde synlege dyretråkk her som følgje av denne bruken. Kor vidt beitinga har gått utover artsmangfaldet er vanskeleg å seia noko sikkert om, men med det store artsmangfaldet som framleis er her, så har vi vanskeleg for å sjå ein slik negativ påverknad

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Beitepresset her har vore sterkt avtakande dei siste tiåra og vil neppe ha nokon negativ verknad i åra framover. Elles er heile lokaliteten urørt av inngrep og menneskelege aktivitetar, noko som er det beste også i framtida.

Verdivurdering: Lokaliteten kjem ut med middels eller høg vekt på alle verdsettingsparametra. Kva gjeld artsmangfald, så er det registrert eit femtitals kalkkrevjande artar på lokaliteten og det same gjeld habitattspesialister, noko som ligg langt over kravet for å verta vurdert å ha høg vekt. Kva gjeld førekomstar av unisentrisk og eller bisentrisk artar, så finst sjølvstikk ikkje dette på lokaliteten, då dette stort sett gjeld nokre få område i høgfjell i Noreg. Heller ikkje raudlisteartar er registrert her, men ein NT-art som fjellnøkleblom er registrert rett utanføre lokaliteten, og vi reknar at potensialet er til stades for ymse raudlista lav og mosar. Ut frå dette reknar vi å koma ut med middels vekt på artsmangfald.

Kva gjeld verdiparameteret om delnaturtypar og variasjon i utformingar, så er alle fire delnaturtypane til stades og ein kjem difor ut med høg vekt på dette parametret. I storleik er lokaliteten mest dobbelt så stor (390 daa) som det som er naudsynt for å koma ut med høg vekt (200 daa).


Tilstanden på lokaliteten er god og den er ubetydeleg påverka av trakk og slitasje, og ingen påvisbare negative beiteeffektar. Det er heller ingen tekniske inngrep på lokaliteten og dei økologiske prosessane er intakte.

Med middels vekt på artsmangfald og høg vekt på dei andre tre parametra, betyr det at lokaliteten må verdisetjast som; **Svært viktig – A** i følgje faktarket.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslistar og notatar for Aure



Figur 1. Kartutsnittet viser avgrensinga av det rike fjellområdet i Kvenngrøa.



Figur 2. Dette bildet av Kvenngrøa er teke sommaren 2014 og viser lokaliteten på noko av stand.

Lok. nr. 2. Fløvalen, strandberg. Open kalkmark (B13)

Verdi: Svært viktig - A.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022593 Ø 472129

Høgde over havet: Ca 0-4 m

Areal: 11,2 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Open kalkmark (B13)

Utforming: Kalkberg utanfor Oslofeltet (B1303) og grunnlendt kalkmark utanfor Oslofeltet (B1304).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 30.04.2014 Finn Gunnar Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskilddring:

Innleiing: Lokalitetsskilddringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 08.04.2014 og supplert av Finn Oldervik den 05.05.2014. Lokaliteten har vore oppsøkt ei rekkje gonger, m.a. den 25.11.2000 av Finn Oldervik, Geir Gaarder, Karl Johan Grimstad og Dag Holtan, og av Finn Oldervik åleine m.a. den 17.05.2001, 17.06.2001, 08.07.2001, 01.08.2001, 12.08.2001, 02.07.2002, samt mange gonger i åra mellom 2002 og 2011. 31.03.2011 vart lokaliteten for første gong undersøkt med tanke på mose og lav, og det var Finn Oldervik, Karl Johan Grimstad og Oddvar Olsen som utførte den undersøkinga for Bioreg AS. Dette var i samband med naturtypekartlegging i Aure kommune. Undersøkinga vart følgd opp både i 2011 og 2012.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest i Aure kommune, rett aust for Fløvalen ved Kiplesund på Grisvågøya. Den heller svakt mot nordvest og består av område på både sider av vegen som går Grisvåg lenger vest. Berggrunnen i dette området og rundt lokaliteten består for det meste av foliert kvartsdioritt, men gjennom lokaliteten går eit smalt belte av kalkspatmarmor. Tilgrensande areal består av fattigare attgrodd lynghei i tillegg til sjøen. Moen (1998) plasserer lokaliteten i sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). I fylgje same kjelde ligg lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som hovudnaturtypen; Open kalkmark (B13) (80%), der utforminga grunnlendt kalkmark utanfor Oslofeltet (B1304) dominerer, med innslag av kalkberg utanfor Oslofeltet (B1303). Resten av lokaliteten (20%) består av uroa mark

i form av ein bygdeveg, samt overgang mot strandberg og blokkmark nærare sjøen.

Artsmangfald: I feltsjiktet finst ein del artar knytte til område nær kysten, slik som mellom anna bitterbergknapp, fjørekoll, fjøresauløk, myrsauløk, klengjemaure, kystengkall, harerug, gåsemure, mjødurt, kystbergknapp, strandkryp, strandrug, strandkjempe, strandkvann og taresaltgras. Lenger frå sjøen aukar innslaget av mellom anna røsslyng. Av meir krevjande artar kan ein nemna brudespore, dunhavre, gjeldkarve, gulsildre, fjelltistel, jåblom, liljekonvall, loppestorr, kornstorr, markjordbær, raudsildre, vanleg hårstorr, svarttopp, vill-lin, raudflangre og stortviblad. Til saman vart det registrert om lag 80 artar av karplantar, noko som må vera svært bra på såpass liten lokalitet. Knortestorr som m.a. vart påvist i 2000 og 2001 representerer nordgrensa i Noreg for arten.

I busksjiktet er det spreidde buskar av einer og ymse rosekratt. Elles er det verd å nemna funn av bleikvier og ikkje minst rynkevier som begge eigentleg er typiske fjellartar. Tresjiktet er bortimot fråverande, men med innslag av litt spreidd lågvaksen skog av osp, bjørk, selje og furu, særleg i aust.

Mosefloraen er dominert av artar som mellom anna krypsilkemose, putevrिमose og saltblomstermose saman med artar som berghinnemose, kystlommemose, storklokkemose, saglommemose, raudfotmose, puteplanmose og andre. Mosefloraen er dårleg undersøkt samanlikna med karplantar og lav.

Lavfloraen er rik, og av artar registrert her kan nemnast; skålglye, bølgeglye, tannjordglye (NT), jordglye, fingerglye, tuehinnelav, flishinnelav, rynkehinnelav (DD), kalkblekklav, vanleg smaragdlav, småfjiltlav, dvergtanglav, moseskjell, kalkfjiltlav, vanleg skållav, skålfjiltlav, *Gyalecta jenensis* og *Lempholemma radiatum* (VU). Ein reknar også potensialet for fleire raudlista artar å vere til stades her.

Den sistnemnde av desse er det relativt få funn av i Norge og dei fleste av funna er gjort i Nordland fylke, mange av dei på 1800-talet, resten på 1900-talet. Rynkehinnelav *Leptogium schraderii* (DD) er ein art som heilt til dei siste åra har vore rekna som sørleg og varmekjær. Funnet på denne lokaliteten representerer verdsnordgrensa så langt (pers meld. Per Jørgensen)

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg har det tidlegare vore beita her, men dette er minst 40-50 år sidan. Ein veg kryssar lokaliteten i aust, og påverkar noko av lokaliteten med ein del fyllingar.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Vegkantane på denne lokaliteten er svært artsrike og bør ikkje utsetjast for fysiske inngrep som reinsking av grøftene. Det er også tilrådeleg med berre ein slått av grøftkantane her, gjerne uti august når dei

fleste blomsterplantane har fått sett frø. Ekstensivt beite er tilrådeleg på heile lokaliteten for å hindre attgroing, gjerne med kalvar/ungdyr eller lette storferasar. Om lokaliteten etter kvart gror att med lauvkratt, vil rydding av dette vere svært positivt, då oppslag av slike kratt vil redusere mangfaldet betrakteleg.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit område med fleire liknande område med kalkhaldige bergartar på Grisvågøya.

Verdivurdering: Ut frå faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten høg verdi for parameteren areal (ca 11,2 daa), middels til høg vekt for artsmangfald og påverknad, og middels vekt for tilstand. Verdien av lokaliteten ligg såleis mellom Viktig – B og Svært viktig - A. Om ein tek i betraktning innslag av mange krevjande artar, både av karplantar, lav og mossar, samt tre raudlista lav, og to artar med registrert nordgrense innanfor lokaliteten, i tillegg til naturtypar som reknast som lokalt sjeldne, vert verdien vurdert til ein noko svak *Svært viktig – A*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslistar for Aure



Figur 3. Avgrensing av Lok. nr. 2, Fløvalen, strandberg. Strandberga ved Fløvalen er den nordlegaste av dei tre registrerte lokalitetane i området.



Figur 4. Tatt frå aust mot vest



Figur 5. Tatt frå vest mot aust.

Lok. nr. 3. Fløvalen, brakkvasspoll. Pollar (I05)

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022439 Ø 472043

Høgde over havet: Ca 1 m

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Pollar (I05)

Utforming: -

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 30.04.2014 Finn Gunnar Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 08.04.2014. Lokaliteten vart første gong undersøkt i 2001 av Finn Gunnar Oldervik, og også fleire gongar seinare av Oldervik i samband med naturtypekartlegging Aure kommune. 05.11.2006 vart lokaliteten undersøkt av Reidar Elven.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest i Aure kommune, vest for Kiplesundvatnet på Grisvågøya. Berggrunnen i dette området består av for det meste av foliert kvartsdioritt. Tilgrensande areal består av fattig furuskog. Moen (1998) plasserer lokaliteten på grensa mellom klart oseanisk seksjon (O2), og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). I fylgje same kjelde ligg lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som hovudnaturtypen Pollar (I05) utan vidare utforming, men med overgang mot strandeng og strandsump strandsump (G05). Området har også visse likskapar med ein brakkvassjø, men er plassert innanfor naturtypen på grunn av at den er skilt frå havet ved ein terskel, får regelmessig tilførsel av sjøvatn og har permanent utløp i havet. Tidlegare var ikkje pollen særleg mykje påverka av ferskvatn, men for nokre tiår sidan vart det laga nytt avlaup frå Kiplesundvatnet slik at vatnet derifrå no renn gjennom pollen. Før den tid drenerte Kiplesundvatnet mot aust og Lesundet.

Artsmangfald: Artar som duskull, myrmjølke, strandkryp, småhavgras, froskesiv, fjøresaltgras, pølstorr, buskmelde, saltbendel, taresaltgras, tangmelde, strandrug, stor strandkjempe, rustsivaks, taresaltgras, havbendel, loppestorr, jåblom og myrsauløk vart registrert.

I busksjiktet er det ein del vierartar, mellom anna bleikvier i tillegg til einer. Tresjiktet er dominert av selje og bjørk i tillegg til noko furu.

Mose- og lavfloraen er ikkje særleg undersøkt her. Ein kjenner elles til at pollen er nytta til næringssøk for vade- og andefuglar, og artar som enkeltbekkasin, strandsnipe (NT) og ymse vanlege ender er registrert i området (Kjelde: Artskart).

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg har det tidlegare vore beita her, men dette er minst 40-50 år sidan. Ein bygdeveg går nord for lokaliteten, og vassforsyninga til og frå pollen går gjennom rør under den nemnde vegen.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten vert best bevart utan nokon form for menneskelege inngrep, men ved sterk gjengroing, bør trevegetasjon fjernast. Det aller viktigaste er at vassforsyninga frå sjøen til pollen ikkje vert broten.

Verdivurdering: Innslag av indikatorartar, samt at naturtypen er rekna som sjeldan, og at pollen trass i vegen er lite uroa av menneskeleg aktivitet, gjer at verdien av lokaliteten er sett til; *Viktig – B*. Dette trass i at arealet er rimeleg lite.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslistar for Aure



Figur 6. Avgrensing. Pollen er lokaliteten i sørvest.



Figur 7 Biletet viser lokaliteten frå nord mot sør. Fotografen står på vegen, og ein skimtar avløpsrøret under vegen i nedre kant av biletet.

Lok. nr. 4. Kiplesundvatnet. Middels kalkrik innsjø (E15)

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022450 Ø 472379

Høgde over havet: Ca 5 m

Areal: ca 47 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Middels kalkrik innsjø (E15)

Utforming: Middels kalkrik innsjø i låglandet (E1501)

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 30.03.2014 Finn Gunnar Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er lagt inn av Solfrid Helene Lien Langmo 08.04.2014 og supplert av Finn Gunnar Oldervik den 06.05.2014. Lokalite-

ten vart første gong undersøkt i 1955 av botanikaren, John Kaasa som dreiv ei omfattande kartlegging det året, særskild i Aure kommune (Kjelde: Artskart m.m.). Seinare vart lokaliteten oppsøkt av Finn Oldervik og Hans Olsvik (08.06.2002) og dagen etter, den 09.06.2002 av Finn Gunnar Oldervik åleine. Lokaliteten er også oppsøkt fleire gongar seinare av Oldervik i samband med naturtypekartlegging Aure kommune. I 2008 og 2009 vart vatnet ved fleire høve undersøkt for insekt og fugl av Hans A. Olsvik.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest i Aure kommune, i eit flatt parti ved garden Kiplesund på Grisvågøya. Tidlegare drenerte vatnet via ein bekk ned i Lesundet, men for nokre tiår sidan vart det laga eit nytt avlaup slik at vatnet no drenerer til Fløvalen, ein brakkvasspoll mellom Aukbugen og Lesundet, nord på Grisvågøya. Berggrunnen i dette området består av for det meste av foliert kvartsdioritt, men enkelte innslag av meir baserike bergartar førekjem. Utgravinga av nytt utlaup avslørte også at det var mykje skjelsand her. Moen (1998) plasserer lokaliteten i sterkt oceanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). I fylgje same kjelde ligg lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Vi har vald å definera dette vatnet som ein middels kalkrik innsjø (E15) av utforminga; Middels kalkrik innsjø i låglandet (E1501). Mot nord går det ein privat veg langs vatnet med ei relativt smal buffersone av lauvskog mot vatnet. I aust og delvis mot sør grensar lokaliteten mot dyrkamark. Mot søraust går det ein skogsveg langs vatnet, nokre stadar så å seia heilt i vasskanten. Her er det mest fattig furuskog. Mot sør mot eit relativt stort myrparti, i tillegg til at det her er planta litt gran. I vest er det planta noko gran. Rundt heile vatnet er mindre område teke med innan avgrensinga som buffersoner.

Artsmangfald: Kring vatnet er artar som bogeminneblom, bukkeblad, duskull, flaskestorr, gulstorr, kornstorr, mannasøtgras, myrfrytle, myrklegg, myrsaulauk, pors, smalsoldogg, småbjønnskjegg, storbjønnskjegg og trillingsiv (på skjelsand rett nedanfor utlaupet) registrert. I vatnet veks mellom anna kantnøkkerose, kvit nøkkerose, gytjebærerrot, rusttjønna, sjøsivaks og tusenblad (i bekken rett ned for utlaupet). I tillegg finst ein del vierartar, mellom anna bleikvier i tillegg til einer, samt furu, selje, bjørk og gran i skogen kring vatnet.

Mose- og lavfloraen er ikkje særleg undersøkt her. Av mosar kan nemnast myrstjernemose, brunmakkmose og stormakkmose. Artane stadfestar likevel at det er eit baserikt miljø her. Heller ikkje dyrelivet er særleg godt undersøkt, utanom insekt- og fuglefaunaen.

Fuglar som stare (NT), krikkand, stokkand, raudstilk og enkeltbekkasin er registrert i området saman med vanlege songarar, meiser og trastar. Vatnet er elles mykje nytta av vadefuglar og ender som hekke- og rasteplass, samt til matsøk.

Av insekt kan nemnast i tilfeldig rekkefølge; Lynghumle (sjeldan), kysthumle (NT), admiralsommarfugl, rapssommarfugl, storsteinkryper, fløyelsringvinge, skogkvitvinge, skogringvinge, sandbie ssp, vepsbie ssp., variabel blåvannymfe, kystvannymfe, rød vannymfe, firfleklibelle, grøn sandjeger, markkakerlakk, brun øyestikker, vanleg øyestikker, svart haustlibelle, sumpgrashoppe, *Pterostichus niger*, vanleg metalløyestikker, raudbrun haustlibelle, *Ilybius fuliginosus* og armert blåvannymfe.

Av krepsdyr er arten *Oniscus asellus* registrert, men botnfaunaen er ikkje grundig undersøkt.

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg har det tidlegare vore beita i områda rundt vatnet, men dette er minst 40-50 år sidan. Ein bygdeveg går nord for lokaliteten, og ein mindre veg går rundt det meste av vatnet. Ei høgspente-line kryssar lokaliteten i sør. Det naturlege avlaupet frå vatnet i aust er stengt av, og ny bekk er greven ut mot vest.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten vert best bevart utan nokon form for menneskelege inngrep. Det er viktig å hindre tilsig av for mykje nærings salt frå innmarka for å hindre eutrofiering som over tid vil gi attgroing.

Verdivurdering: Etter faktaark frå desember 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for alle parameter, utanom botnfauna som ikkje er undersøkt. Innslag av lokalt sjeldne artar som til dømes sjøsivaks samt den relativt sjeldne kysthumla (NT) og lynghumla trekkjer opp. Ut i frå dette samt at naturtypen er vurdert som sårbar, gjer at verdien av lokaliteten er sett til; *Lokalt viktig – C*. Verdien kan i midlertid aukast ved påvising av fleire raudlisteartar knytt til vatnet.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister for Aure



Figur 8. Avgrensing. Lokaliteten er den austlegaste av dei registrerte naturtypene i området.



Figur Lokaliteten frå vest mot aust. Her veks sjøsivakset tett.

Lok. nr. 5; Aukan. Rik boreal lauvskog

Verdi: **Viktig - B.**

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022207 Ø 471081

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Rik boreal lauvskog (90%) i tillegg til noko blåbærskog (10%).

Utforming: Høgstaudebjørkeskog (15%) og lågurtbjørkeskog (75%) .

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 30.04.2014 Finn Gunnar Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo, og 25.05.2014 Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgreningspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 20.04.2014. Lokaliteten vart første gong undersøkt 26.06.1977 av Egil Ingvar Aune, og seinare 01.06.2002 av Finn Gunnar Oldervik, 05.09.2002 av Eli Fremstad, og også fleire gongar seinare av Oldervik i samband med naturtypekartlegging Aure kommune. 31.03.2011 vart lokaliteten for første gong undersøkt med tanke på mose og lav, og det var Finn Oldervik, Karl Johan Grimstad og Oddvar Olsen som utførte den undersøkinga. Sistnemnde undersøking var likevel lite grundig.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest i Aure kommune, ved Aukan nord på Grisvågøya. Lokaliteten består av ei stadvis bratt, nordvend skråning like sør for vegen som går frå Lesundet mot Grisvågen. Berggrunnen i dette området består for det meste av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis. Moen (1998) plasserer lokaliteten på grensa mellom klart oseanisk seksjon (O2), og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). I fylgje same kjelde ligg lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er i all hovudsak kartlagd som rik boreal lauvskog av utformingane høgstaudebjørkeskog (15%) og lågurtbjørkeskog (75%). I tillegg finst innslag av noko blåbærskog (10%), særleg opp mot toppen av lia. Tilgrensande areal består av vegen i nord, og elles for det meste attgrodd lynghei, i tillegg til at det er busetnad og dyrkamark nord for lokaliteten og eit hyttefelt i sørvest.

Artsmangfald: Ein god del krevjande karplantar vart registrert, mellom anna kalktelg, dvergjamne, jåblom, svarttopp, vill-lin, brudespore, grønkurle, grønburkne, gulsildre, myrhårstorr, dunhavre, storfrytle, raudsildre, liljekonvall og skogmarihand. Fleire av desse artane er registrert på vegkantane eller i vegskjæringa innanfor lokaliteten. Elles er områda i vest der torva er på det tjukkaste for det meste dominert av røsslyng, blokkebær og krekling, men i tillegg finst mellom anna blåbær og tågebær.

Busksjiktet er svært sparsamt, med litt einer. Tresjiktet er dominert av yngre boreal lauvskog av osp og bjørk, med innslag av både selje og rogn, sa-

man med litt furu. Av mosar kan nemnast skjerfmose, skjøtmose, myrsprikemose, dverglommemose, puteplanmose, kalkmose, spindelrose, kystlommemose, stivlommemose, strandsvamose, saltblomstermose, rødmetornemose, krypsilkemose og putevrime, dei fleste kalk- og/eller næringskrevjande. Lavfloraen er ikkje er særleg godt undersøkt, men det er registrert artar som bølgeglye, småfjelllav, vanleg skållav og *Lempholemma radiatum* (VU). Her reknar ein potensialet for fleire sjeldne og raudlista mosar og lav å vere til stades.

Bruk, tilstand og påverknad: Vi har fått opplyst av den førre eigaren, Håvard Aukan at det inntil 1973 har vore beita her både av sau og geit (pers. meld.). Området hadde den gongen lite trevegetasjon, slik at det meste av skogen her er komen etter dette årstalet. Ei lågspentline kryssar lokaliteten i sør. Ein del avfall er dumpa i dei bratte områda nord for vegen.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten vert best bevart utan nokon form for menneskelege inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit belte med fleire liknande område med kalkhaldige bergartar på yttersida av Grisvågøya, men det er berre denne som er skogsett av dei som er registrert.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra storleik (ca 20 daa), habitatkvalitet og artsmangfald, det siste både ut frå innslag av lokalt sjeldne og krevjande artar, samt funn av raudlisteartar, og potensiale for fleire slike. Lokaliteten oppnår låg vekt for parametret påverknad, då skogen for det meste let til å vere ung. Ut frå dette vert lokaliteten verdsett til ein noko svak; *Viktig – B.*

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister for Aure



Figur 9 Lokaliteten sett frå aust mot vest. Inne i skogen finst fleire mindre opne bergveggar.



Figur 10. Avgrensing. Lokaliteten er avgrensa med gult.

Lok. nr. 6 Aust for Lesundbrua. Open kalkmark (B13)

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022868 Ø 472881

Høgde over havet: Ca 0-15 m

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Open kalkmark (B13)

Utforming: Kalkberg utanfor Oslofeltet (B1303) og grunnlendt kalkmark utanfor Oslofeltet (B1304).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 30.04.2014 Finn Gunnar Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 08.04.2014. Lokaliteten vart første gong undersøkt 16.06.2002 av Finn Gunnar Oldervik, og også fleire gongar seinare av Oldervik i samband med naturtypekartlegging Aure kommune.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest i Aure kommune, rett aust for Lesundbrua heilt vest på Lesundøya. Den består av ein bratt bergvegg rett sør for brukaret, i tillegg til ei mindre bukt og eit nes sør for denne. Berggrunnen i dette området og rundt lokaliteten består av for det meste av foliert kvartsdioritt, men med tydelege innslag av meir baserike bergartar som kalkspatmarmor. Moen (1998) plasserer lokaliteten på grensa mellom klart oseanisk seksjon (O2), og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). I fylgje same kjelde ligg lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som hovudnaturtypen; Open kalkmark (B13) av utformingane kalkberg utanfor Oslofeltet (B1303) og grunnlendt kalkmark utanfor Oslofeltet (B1304) (100 %).

Artsmangfald: Innanfor lokaliteten er det mellom anna registrert ein del base- og varmekjære artar som villauk, hjartegras, gjeldkarve (mykje), blankmsipel, raudflangre, hårstorr, kvitmaure, loppestorr, raudsildre, rosenrot, kornstorr, engfiol og olavskjegg.

Elles vart det registrert mellom anna kattedot, smalkjempe, raudkløver, firkantperikum, tiriltunge, geitsvingel, lodnerubom, tepperot, vendelrot, kystbergknapp, stemorsblomst, hundegras og tårnurt.

I busksjiktet finst litt einer og ein del rosekratt, samt noko småvaksen rogn.

Av mosar kan nemnast gulband, krypsilkemose og putevrimose, og av lav kan nemnast fløyelsglye, grynvrenge, flishinnelav, skjelglye, stiftglye og tuvehinnelav.

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg har det tidlegare vore beita her, men dette er minst 40-50 år sidan. Ein fylkesveg går nord for lokaliteten. Eit naust er bygd rett sør for lokaliteten, og ei flytebrygge er også forankra her.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; For det meste bør lokaliteten vere utan menneskelege inngrep, men ekstensivt beite er tilrådeleg på heile lokaliteten for å hindre attgroing, gjerne med kalvar/ungdyr eller lette storferasar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er ein del av eit område med fleire liknande område med kalkhaldige bergartar på Grisvågøya.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember oppnår lokaliteten middels vekt for areal (ca 1,6 daa), tilstand og påverknad, og låg vekt for artsmangfald. Dette saman med innslag av lokalt sjeldne artar, gjer at verdien av lokaliteten er sett til; *Viktig – B.*

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslistar for Aure



Figur 11 Biletet er teke frå Lesundbrua, og viser heile lokaliteten. Som ein ser er det delvis svært bratt her.



Figur 12 Raudsildre. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo

Lok. nr. 7 Sandvikbugen.

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022081 Ø 470802

Høgde over havet: Ca 0 -25 m

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Open kalkmark (90%) og rik boreal lauvskog (10%).

Utforming: Kalkberg utanfor Oslofeltet (30%), open grunnlendt kalkmark utanfor Oslofeltet (60%) og lågurtbjørkeskog (10%) .

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 25.05.2014 Solfrid Helene Lien Langmo (siste)

Avgrensingspresisjon: < 20 meter. Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 20.04.2015. Delar av lokaliteten vart første gong undersøkt 26.06.1977 av Egil Ingvar Aune, og seinare 01.06.2002 av Finn Gunnar Oldervik, 05.09.2002 av Eli Fremstad, og også fleire gongar seinare av Oldervik i samband med naturtypekartlegging Aure kommune. Også Oddvar Olsen, Volda har undersøkt deler av lokaliteten og då mest med tanke på kalkrevjande lav.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest i Aure kommune, ved Aukan på nordsida av Grisvågøya. Den utgjer ei stadvis bratt nordvendt skrånning i tillegg til eit nes som strekkjer seg ut i sjøen mot vest i Sandvikbu- gen. Berggrunnen i dette området består for det meste av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis. Moen (1998) plasserer lokaliteten på grensa mellom klart oseanisk seksjon (O2), og sterkt oseanisk seksjon, humid underseksjon (O3h). I fylgje same kjelde ligg lokaliteten i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er kartlagd som open kalkmark av utformingane open grunnlendt kalkmark utanfor Oslofeltet (60%) og kalkberg utanfor Oslofeltet (B1303) (30%). I tillegg finst område med rik boreal lauvskog av lågurtbjørkeskog-utforming (F0402) ved vegen (10%) i den austlege delen av lokaliteten. Dei høgastliggjande delane av neset i vest har store likskapar med boreal hei.

Artsmangfald: Ein god del krevjande karplantar vart registrert, mellom anna akeleie og blåfjør (langs vegen), jåblom, svarttopp, vill-lin, gulsildre, liljekonvall og raudsildre i tillegg til storfrytle, tiriltunge, fjørekoll, vendelrot, mjørdurt og ymse svæve-arter. I områda som går over mot boreal hei finst mellom anna mykje røsslyng, krekling og blokkebær.

Busksjiktet er svært sparsamt, med litt einer. Tresjiktet, der dette finst, er dominert av osp og bjørk, med innslag av både selje og rogn. Av mosar kan nemnast artar som stivlommose, kystflak og strandsvamose, skruvrangmose. Av meir krevjande artar vart der registrert kalkmose, rødmertornemose, krypsilkemose og putevrimose.

Av lav kan nemnast bølgeglye, flishinnelav, fingerglye, matt alvelav, skålglye, småfiltlav og vanleg skållav. Her reknar ein potensialet for sjeldne og raudlista mosar og lav å vere til stades.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har det vore beita her, men dette er omlag 40 år sidan. Beitinga har halde skogen nede tidlegare, slik at den skogen som er der no er ganske ung. Ein bygdeveg går sør for lokaliteten, og her er det fleire stader dumpa ein del avfall. I tillegg er det anlagt eit nyare kaianlegg og ei fylling nord for lokaliteten. Noko masse er grave ut i lia innanfor lokaliteten.

Framande artar; Akeleie.

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten vert best bevart utan nokon form for menneskelege inngrep, med unntak av eventuelt ekstensivt beite for å hindre ytterlegare attgroing.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit belte med kalkkrevjande vegetasjon med fleire liknande lokalitetar på yttersida av Grisvågøya.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (ca 7 daa), middels vekt for påverknad, og låg vekt for tilstand og artsmangfald. Ut i frå dette oppnår lokaliteten verdien *Lokalt viktig – C*. Verdien kan eventuelt aukast ved påvising av sjeldne og/eller raudlista artar.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister for Aure



Figur 13 Lokaliteten sett frå sør. Vegen vises så vidt oppe til høgre i biletet



Figur 14 Delar av lokaliteten sett frå aust. Her ser ein massen som er graven ut. Vegen går oppe i lia, og berget held fram ovanfor dette.



Figur 15. Avgrensing.

Lok. nr. 8. Tverrbotnen. Slåttemyr
Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal
Naturbase-nummer: Ny lokalitet
UTM EUREF89 32V N 7017534 A 482384
Areal: 374 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Slåttemyr (80%) og gamal furuskog (10%)

Utforming: Intermediær slåttemyr og rik slåttemyr

Vernestatus: Delvis innanfor Aure naturreservat.

Feltsjekk: 02.07.2014 av Finn Oldervik og Solfrid Helene Lien Langmo (siste). Oldervik har elles oppsøkt lokaliteten fleire gonger tidlegare.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS der feltarbeid saman med Finn Oldervik 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Sistnemnde har også fleire gonger tidlegare vitja lokaliteten. I tillegg ligg det ein god del registreringar i Artskart frå dette området, særleg i samband med naturreservatet.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg øvst i Aurdalen i Aure kommune, og omfattar eit større samanhengande myrområde samt nokre mindre myrer rundt. Desse heng saman med den største myra, men det er i tillegg noko furuskog her. Myra er for det meste fastmattemyr med nokre mindre fuktigare parti. Stadvis er det tendensar til høgmyr. Ein bekk renn også gjennom myra. Berggrunnen i dette området består av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis, medan lausmassane for det meste består av torv. I følgje Moen (1998) ligg lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og same kjelda plasserer den på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemyr av utformingane intermediær slåttemyr (50 %) og rik slåttemyr (30 %). I tillegg finst noko gamal furuskog av utforminga gamal kystfuruskog (10%). Elles er også noko yngre furuskog inkludert av arronderingsmessige årsakar.

Artsmangfald: I partia med høgmyr finst stadvis noko heigråmose saman med reinlav. I botnsjiktet dominerer torvmosar. Elles vart det her registrert tettegras, røsslyng, torvull, klokkelyng, molte, rome og bjønnskjegg. Somme stader finst også ein del bjørk. I litt fuktigare partia finst artar som flekkmarihand, sveltull, loppestorr, svarttopp, fjellfrøstjerne, bjønnbrodd, skogmarihand, fjelltistel, kystmyrklegg, slåttestorr, trådstorr, særbustorr, kornstorr, gulstorr, breimyrull, myrsauløk, engmarihand, tranestorr og klubbstorr. I

botnsjiktet finst mellom anna stormakkmose, myrstjernemose og raudmakkmose i tillegg til torvmosar. I kantsonene mot skogen veks mellom anna hengeaks, sumphaukeskjegg, nattfiol, skogstorkenebb, fugletelg, hengeveng, skogsnelle, korallrot, kvitblattistel, kvitmaure og blåbær. I dei fuktigaste partia vart det mellom anna registrert strengstorr, bukkeblad, flaskestorr og frynsestorr. Skogen innanfor lokaliteten består for det meste av furu med innslag av noko bjørk. Stadvis finst ein del ståande daud ved. For det meste er det blåbær og småbregner som dominerer feltsjiktet. Frå tidlegare er det mellom anna registrert gubbeskjegg (NT), vortekremskinn (NT) og fleire andre sjeldne og raudlista kjuker og barksoppar i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare var alle myrene i dette området slått og beita, og stadvis er slåttepreget enda tydeleg. Her er myrene flate, utan tuver, og dominert av graminidar. Stadvis ser ein større opphoping av torv og byrjande attgroing med skog som fylgje av manglande skjøtsel. Ein veg kryssar lokaliteten i vest i samband med eit par hytter. Her finst også ei skiløype, og i samband med denne fleire større og mindre grøfter.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Mykje av lokaliteten, og særleg dei partia av myra med minst torvopphoping er godt eigna for restaurering. I restaureringsfasen vert lokaliteten rydda for buskar og kratt, medan større tre vert kvista opp. Slått ein gong i året kan vere aktuelt. Seinare, når krattoppslaget er redusert og produksjonen i feltsjiktet er stabilisert, er det aktuelt med slått kvart tredje til tiande år for å halde krattproduksjonen i sjakk. Slåtten må skje med lette reiskapar som tohjulstraktor eller ryddesag. Graset vert bakketørka og fjerna etter eit par dagar. Verken sjølve slåttemyrene eller områda rundt må grøftast eller tilplantast med skog.

Del av heilskapleg landskap: Myra i Tverrbotnen ligg i eit område med mange større høgareliggjande myrområde. Fleire av desse har truleg vore slått tidlegare. Det ligg ein gamalseterstøl tett inntil slåttemyra. Også i nabokommunane til Aure er det registrert fleire større slåttemyrene.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten høg vekt for areal (ca 374 daa totalt, og over 50 daa av dette er framleis å rekne som slåttemyr) og middels vekt for parametra artsmangfald, hevd og landskapsøkologi. Ut frå dette, samt at fleire av myrartane i området er regionalt sjeldne, og at området bør sjåast i samanheng med Aure naturreservat, får lokaliteten verdien *Viktig – B*. Ved gjenopptaking av skjøtselen kan verdien aukast.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Naturbase, faktaark for Aure naturreservat:

<http://faktaark.naturbase.no/Vern?id=VV00000548>

Finn Oldervik, private artslister for Aure



Figur 16 Avgrensing



Figur 17 Nordaustre del av lokaliteten. Foto: Solfrid Helene Lien Langmo

Lok. nr. 9. Melan: Hamnhaugen aust, strandeng

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7021445 A 483 332

Areal: 3 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Strandeng og strandsump (100%)

Utforming: Seminaturleg strandeng (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 02.07.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS. Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare, men det ligg enkelte registreringar i Artskart frå dette området, særleg av fugl.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved garden Melan i Aure kommune, og omfattar eit smalt belte med strandeng mellom innmarka og fjøra aust for Hamnhaugen. Bukta har eit ganske smalt utløp i sjøen slik at den ligg i le for vind og bølger. Berggrunnen i dette området består av migmatittgneis og eklogitt, medan lausmassane for det meste består av strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som strandeng og strandsump av utforminga seminaturleg strandeng (90 %). I tillegg finst nokre mindre bergknausar innanfor lokaliteten. I strandenga inngår i tillegg til ulike utformingar av salteng også mindre parti med brakkvasseng.

Artsmangfald: I strandengene vart det mellom anna registrert saltsiv, strandkjempe, fjøresauløk, strandrug, hanekam, gjerdevikke, fuglevikke, raudsvingel, tiriltunge, småengkall, sløke, fjørekoll, strandstjerne, gåsemure og strandkryp, i tillegg til bekkeblom og rustsivaks i meir brakkvasspåverka område. På bergknausane førekjem mellom anna kystbergknapp, blåklokke, tiriltunge, smyle og vanlege lavartar.

Mot innmarka finst eit belte med mellom anna mjørdurt, hundegras, strandrør, hundekjeks og vendelrot.

Det vart registrert hekkande tjeld, fiskemåse (NT) og strandsnipe (NT), og fjøra i denne bukta er ei typisk makkfjøre. Slike område er viktige for mange vadefuglar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er påverka av ulike menneskelege aktivitetar gjennom fleire fyllingar opp mot innmarka og ein hall i aust. Dette gjer at lokaliteten stadvis er svært smal. I vest er området beita med storfe.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Ekstensivt beite vil vere ein fordel for å halde lokaliteten open og hindre attgroing. Dette bør gå føre seg med kalvar eller lette storferasar. Ut over dette bør lokaliteten få vere i fred for menneskeleg påverknad inkludert meir utfylling med stein.

Del av heilskapleg landskap: Rundt Stemshaug er det fleire liknande bukter og vikar med til dels godt utvikla strandenger og liknande makkfjører.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for parametra areal (ca 3 daa), artsmangfald og raudlisteartar, og låg til middels vekt for parametret tilstand. Ut frå dette får lokaliteten verdien *Lokalt viktig - C*.



Figur 18. Avgrensing.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 19. Biletet viser ein liten del av lokaliteten i aust.

Lok. nr. 10. Melan: Øygarden

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7021924 Ø 484046

Areal: 12 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Strandeng og strandsump (100%)

Utforming: Seminaturleg strandeng (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 02.07.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av Finn Oldervik saman med John Bjarne Jordal 26.07.2006. I tillegg ligg enkelte registreringar i Artskart frå dette området, særleg av fugl.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Melan i Aure kommune, og omfattar ei strandeng på både sider av Fv 364 ved Øygarden. Den ligg inne i ei større bukt som har eit ganske smalt utløp i sjøen, noko som gjer at den ligg i le for vind og bølger. Dammane sør for vegen har store likskapar med naturtypen pollar (I08). Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av migmatittgneis og eklogitt, men det er tydeleg at det også er innslag av meir baserike bergartar. Lausmassane består for det meste av strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som strandeng og strandsump av utforminga seminaturleg strandeng (80%). Resten av lokaliteten består av riksvegen og fyllinga i samband med denne. Også i denne fyllinga finst fragment av strandengvegetasjon. I strandenga inngår i tillegg til ulike utformingar av salteng også mindre parti med brakkvasseng, særleg i dammane sør for vegen.

Artsmangfald: I strandengene vart det mellom anna registrert saltsiv, strandkjempe, fjøresauløk, strandrug, hanekam, harerug, gjerdevikke, fuglevikke, raudsvingel, tiriltunge, småengkall, sløke, fjørekoll, strandstjerne, gåsemure, jåblom og strandkryp, i tillegg til bekkeblom og rustsivaks i meir brakkvasspåverka område. I bukta i aust finst meir høgvaksen vegetasjon som mjørdurt, havstorr, hestehavre, hundegras, strandrør, hundekjeks og vendelrot. Her er det også stadvis attgrodd med bjørkeskog opp mot dyrkamarka bak. I fyllinga langs vegen finst også mykje strandkjempe saman med mellom anna raudkløver, harerug, småengkall og blåkoll. I dammane på motsett side av vegen vart det mellom anna registrert strandkjempe, harerug, saltsiv, myrsauløk, fjøresauløk, rustsivaks, jåblom og kornstorr. Her var også mykje små flyndrer og strandkrabbar. Finn Oldervik og John Bjarne Jordal registrerte 26.07.2006 fylgjande artar i tillegg til dei allereie nemnde: havbendel, saltbendel, fjørestorr, taresaltgras og krypkvein, der havbendel har få registreringar frå kommunen.

Det vart registrert hekkande strandsnipe (NT) i området, og fjøra i denne bukta er stadvis ei typisk makkfjøre, og stadvis enda meir finkorna materiale med silt og leir. Slike område er viktige for mange vadefuglar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er påverka av ulike menneskelege aktivitetar gjennom fyllingar og vegbygging. Den delen av lokaliteten som ligg sør for fylkesvegen vert forsynt med sjøvatt gjennom røyr under riksvegen. Tidlegare var lokaliteten beita, men den er i dag i attgroing sjølv om det framleis let til at lokaliteten er streifbeita i alle fall av hjort. I områda sør for vegen er det rydda for kratt i samband med bustaden her.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Ekstensivt beite vil vere ein fordel for å halde lokaliteten open og hindre attgroing. Dette bør gå føre seg med kalvar eller lette storferasar. Ut over dette bør lokaliteten få vere i fred for menneskeleg påverknad inkludert meir utfylling med stein. Dette gjeld også ved husa sør for vegen.

Del av heilskapleg landskap: Rundt Stemshaug er det fleire liknande bukter og viker med til dels godt utvikla strandenger og liknande makkfjører.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra areal (ca 12 daa) og artsmangfald, låg vekt for parametret raudlistearter og låg til middels vekt for parametret tilstand. Ut frå dette får lokaliteten verdien *Viktig - B*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister for Aure

Rapport Møre og Romsdal fylke, areal- og miljøvernavdelinga 2006:3. Forvaltningsplan for Melland og Mellandsvågen naturreservater



Figur 20. Avgrensing.



Figur 21. Sør for vegen.



Figur 22. Inne i bukta aust i lokaliteten.

Lok. nr. 11. Stemshaug: Øygarden N

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7021865 A484231

Areal: 9,2 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Rikmyr (90%)

Utforming: Open intermediær- og rikmyr i låglandet (BN-SB/MB) (90%).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 02.07.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg like sør for Stemshaug i Aure kommune, og omfattar ei rikmyr like sør for Rv 364 litt nord for Øygarden. Myra består av mange tuver, stadvis med vatn innimellom tuvane. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av migmatittgneis og eklogitt, men det er tydeleg at det også er innslag av meir baserike bergartar. Lausmassane består for det meste består av strandavsetningar og torv og myr. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtyper, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rikmyr av utforminga open intermediær- og rikmyr i låglandet (BN-SB/MB). (90%). Resten av lokaliteten består av yngre bjørkeskog inkludert grunna arronderinga.

Artsmangfald: I myra finst store mengder elvesnelle, trådstorr, myrklegg, pors, bukkeblad, flaskestorr og myrhatt, i tillegg til meir basekrevjande artar som engmarihand, svarttopp, breiull, kornstorr og sveltull. Oppe på tuvane er det mellom anna rome, stjernestorr og blokkebær i tillegg til ein del heigråmose. I vegkanten vart det i tillegg registrert enghumleblom, blåkoll og kvitmaure. I botnsjiktet fanst ein del torvmosar, men også mykje storkmakkose, raudmakkose og myrstjernemose.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten var tidlegare både beita og slått, men den er i dag i attgroing sjølv om det framleis let til at lokaliteten er

strefbeita i alle fall av hjort. Rv 364 og ei lågspentline ligg heilt inntil lokaliteten i nord.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Ekstensivt beite vil vere ein fordel for å halde lokaliteten open og hindre attgroing. Dette bør gå føre seg med kalvar eller lette storferasar. Krattrydding vil også vere positivt.

Del av heilskapleg landskap: Det er registrert få rikmyrer akkurat i dette området, men på regionalt nivå er naturtypen å rekne som vanleg.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten, som ligg i sørboreal vegetasjonssone, middels vekt for samtlege parameter. Med eit areal på om lag 12 daa, gode førekomstar av fleire rikmyrsindikatorar og ein lokalitet som for det meste let til å vere urørt, med unntak av grøftene i samband med riksvegen får lokaliteten verdien **Viktig - B**. Verdien er noko svak, mest grunna attgroingspreget.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 23. Avgrensing



Figur 24. Biletet er teke i vegkanten frå nord mot sør.

Lok. nr. 12. Stemshaug

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022116 A 485 090

Areal: 67 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Bløtbunnsområde i strandsonen (70%) og strandeng og strand-sump (30%)

Utforming: Strandflater av mudderblandet sand (40%), strandflater med bløtt mudder (30%) og seminaturleg strandeng (30%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 02.07.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til

grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Det ligg også ein del registreringar i Artskart frå dette området, særleg av fugl.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Stemshaug i Aure kommune, og omfattar stranda og strandengene på både sider av Fv 364 rett vest for Stemshaug sentrum, inkludert sørsida av Holmen. Den ligg inne i ei større bukt og det meste av lokaliteten ligg i le av Holmen, og er såleis beskytta mot vind og bølger. Berggrunnen i dette området består i følgje berggrunnskartet av migmatittgneis. Lausmassane består for det meste av strandavsetningar og morenemassar med mindre innslag av elveavsetningar ved utløpet av Hugaelva. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som Bløtbunnsområde i strandsona (70%) av utformingane strandflater av mudderblanda sand (40%) og strandflater med blautt mudder (30%). Langs strendene inngår i tillegg ein del strandeng og strandsump av utforminga seminaturleg strandeng (30%). I strandenga inngår i tillegg til ulike utformingar av salteng også mindre parti med brakkvasseng, noko som særleg gjeld sør for vegen, og i bukta vestover mot Stemshaug kyrkje.

Artsmangfald: I strandengene vart det mellom anna registrert saltsiv, strandkjempe, fjøresauløk, strandrug, hanekam, myrsauløk, harerug, gjerdvikke, fuglevikke, raudsvingel, tiriltunge, småengkall, sløke, fjørekoll, strandstjerne, gåsemure, jåblom og strandkryp, i tillegg til bekkeblom og rustsivaks i meir brakkvasspåverka område. I bukta i vest finst meir høgvaksen vegetasjon slik som mjørdurt, hundegras, englodnegras, strandrør, hundekjeks og vendelrot. Der det finst ungskog, består denne for det meste av bjørk, samt spreidde førekomstar av platanlønn og ei og anna ung ask (NT) nær kyrkja. På Holmen finst også innslag av litt furu. Ved utlaupet av Dalabekken, sør for Fv 364 finst eit lite beskytta miljø. Vegetasjonen er om lag den same som på resten av strandenga, men her består tresjiktet rundt bukta av gråor. Frå tidlegare er det mellom anna registrert fjøresivaks og fjørestorr i Artskart.

Det vart registrert hekkande strandsnipe (NT) i området, i tillegg til nokre ærfuglar, svartbak, gråmåse, siland, grønstilk og raudstilk. Tidlegare hekka også vipe (NT) her. Fjøra i denne bukta er stadvis ei typisk makkfjøre, og stadvis enda meir finkorna materiale med silt og leir. Slike område er viktige for mange vadefuglar. Også artar som fiskemåse (NT), laksand og sjøorre (NT) er tidlegare registrert i området (Kjelde: Artskart).

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er påverka av ulike menneskelege aktivitetar gjennom fyllingar og vegbygging. Sør for lokaliteten ligg eit par naust. Den delen av lokaliteten som ligg sør for fylkesvegen vert forsynt med sjøvatn gjennom røyr under riksvegen. Holmen er i dag beita, men ikkje resten av lokaliteten. Gjengroingspreget er størst i den sørlegaste delen av lokaliteten nær kyrkja.

Framande artar; Platanlønn

Skjøtsel og omsyn; Ekstensivt beite vil vere ein fordel på heile den sørlege delen av lokaliteten for å halde lokaliteten open og hindre attgroing. Dette bør gå føre seg med kalvar eller lette storferasar. Ut over dette bør lokaliteten få vere i fred for menneskeleg påverknad inkludert meir utfylling med stein. Dette gjeld også nede i sjølve fjøra. Platanlønn bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Rundt Stemshaug er det fleire liknande bukter og vikar med til dels godt utvikla strandenger og liknande makkfjører.

Verdivurdering: Lokaliteten er liten, og godt under 200 daa, som er kravet for at lokaliteten skal oppnå verdien viktig – B ut frå faktaark for blautbotnsområde i strandsona i DN Handbok 19. Denne lokaliteten bør likevel sjåast i samanheng med fleire mindre liknande lokalitetar i nærleiken. Strandenga innanfor lokaliteten er fragmentert og noko prega av gjengroing. Om ein vurderer strandenga separat frå blautbotnsområda, har denne verdien Viktig – B, men samla sett oppnår ikkje lokaliteten meir enn verdien *Lokalt viktig – C*. Verdien kan eventuelt hevast ved påvising av fleire raudlista artar eller om fleire av strendene i området vert kartlagd som ein større samanhengande lokalitet.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 25. Avgrensing.



Figur 26. Frå Stemshaug sentrum i retning kyrkja.



Figur 27. Sør for Fv 364.



Figur 28. Den sørlegaste delen av strandenga nær Stemshaug kyrkje.

Lok. nr. 13. Hjelaosen

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7022570 A 486 542

Areal: 1,8 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (70%), Strandeng og strandsump 30%

Utforming: Fattig slåtteeng (70%), seminaturleg strandeng (30%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 02.07.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Hjela i Aure kommune, og omfattar ei lita slåttemark og litt av strandenga mellom Fv 364 og Hjelaosen. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av migmatittgneis. Lausmassane består for det meste av strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark av utforminga fattig slåtteeng (100%).

Artsmangfald: Innanfor lokaliteten vart det mellom anna registrert mykje gulaks saman med mellom anna skarmarikåpe, skogstorkenebb, kvitkløver, sølvbunke, grov nattfiol, mjørdurt, blåklokke, jordnøtt, engkvein og harerug. I strandenga er det mellom anna registrert saltsiv, raudsvingel, fjørekoll, tiriltunge og strandkryp. Elles finst det noko strandrøyr, hundekjeks og mjørdurt.

Bruk, tilstand og påverknad: Slåtteenga er framleis skjøtta med relativt sein slått medan strandenga er noko gjengroande. Tidlegare var strandenga i området både beita, og truleg også slått. Det er nyleg rydda for lauvoppslag mellom lokaliteten og FV 364 som går sør for lokaliteten.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Framleis sein slått er viktig for å oppretthalde verdiane på lokaliteten, gjerne også på strandenga, gjerne i kombinasjon med ekstensiv haustbeiting med kalvar eller lette storferasar. Lokaliteten må ikkje pløyast, sprøytast eller gjødslast.

Del av heilskapleg landskap: Rundt Stemshaug er det framleis eit aktivt jordbruk, men det meste av landskapet er meir intensivt drive. Det er registrert fleire andre verdfulle slåttemarkslokalitetar innanfor kommunen.

Verdivurdering: Lokaliteten oppnår etter faktaark for slåttemark frå desember 2014 høg vekt for parametra areal (ca 2 daa), tilstand og påverknad, men middels vekt for typevariasjon og låg vekt artsmangfald og landskapsøkologi. Ut i frå dette, samt at naturtypen er relativt vanleg i området, får lokaliteten verdien *Lokalt viktig – C*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 29. Avgrensing



Figur 30. Frå aust mot vest.

Lok. nr. 14. Hjelavika

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7023089 A 487573

Areal: 3,3 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Strandeng og strandsump (100%)

Utforming: Seminaturleg strandeng (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 02.07.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare, men det ligg enkelte registreringar i Artskart frå dette området, særleg av fugl.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved utløpet av Hjelaelva i Aure kommune, og omfattar ei strandeng på både sider av Fv 364. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av migmatittgneis. Lausmassane består for det meste av strandavsetningar og elveavsetningar. I fylgje Moen (1998) ligg lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som strandeng og strandsump av utforminga seminaturleg strandeng (70%). Resten av lokaliteten består av riksvegen og fyllinga i samband med denne, som deler lokaliteten i to. Også i denne fyllinga finst fragment av strandengvegetasjon.

Artsmangfald: I strandengene vart det mellom anna registrert saltsiv, strandkjempe, fjøresauløk, strandrug, hanekam, harerug, gjerdevikke, fuglevikke, raudsvingel, tiriltunge, småengkall, sløke, fjørekoll, strandstjerne, gåsemure og strandkryp. Nord for vegen finst meir høgvaksen vegetasjon med mellom anna mjødurot, hundegras, strandrør, strandrug, hundekjeks, stornesle og vendelrot. I fyllinga langs vegen finst også mykje strandkjempe saman med mellom anna raudkløver, harerug, småengkall og blåklokke.

Det vart registrert hekkande strandsnipe (NT) i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er påverka av ulike menneskelege aktivitetar gjennom fyllinga, vegbygging og eit sagbruk. Fv 364 deler lokaliteten i to. Den delen av lokaliteten som ligg sør for fylkesvegen vert forsynt med sjøvatn gjennom røyra under fylkesvegen i samband med utløpet av elva. Denne delen av lokaliteten er beita, og beitetrykket er godt. Nord for vegen er det ikkje beita, og noko meir prega av gjengroing.

Framande artar; Platanlønn

Skjøtsel og omsyn; Framleis beite med same beitetrykks om i dag nord for elva, og gjenopptaking av beite sør for elva vil vere ein fordel for å halde lokaliteten open og hindre attgroing. Dette bør gå føre seg med kalvar eller lette storferasar. Ut over dette bør lokaliteten få vere i fred for menneskeleg påverknad inkludert meir utfylling med stein.

Del av heilskapleg landskap: Rundt Stemshaug er det fleire liknande bukter og vikar med til dels godt utvikla strandenger og liknande makkfjører.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for parametra areal (ca 3,3 daa der om lag 3 daa er strandeng), artsmangfald og raudlisteartar, og middels vekt for parametret tilstand. Ut frå dette får lokaliteten verdien *Lokalt viktig - C*.



Figur 31. Avgrensing

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 32. Nord for veggen



Figur 33. Sør for veggen.

Lok. nr. 15. Rishaugan

Verdi: **Lokalt viktig - C.**

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7007588 A 467360

Areal: ca 350 daa
Høgde over havet: 180-325 moh

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Gamal furuskog (70%)

Utforming: Gamal kystfuruskog (70%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 16.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 16.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg litt aust for Fuglvågen i Aure kommune, og omfattar eit område med meir eller mindre samanhengande furuskog som strekkjer seg frå Rishaugane mot Setertjønnin. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt. Lausmassane består for det meste av tynt humus- og torvdekke i tillegg til noko myr. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oceanisk seksjon (O2) og i mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som gamal furuskog av utforminga gamal kystfuruskog (70%) Resten av lokaliteten består for det meste av tresett fattigmyr.

Artsmangfald: Furu dominerer tresjiktet totalt i det aller meste av lokaliteten unnateke nordsida av Rishaugan der det i tillegg finst noko bjørk. I feltsjiktet er det mest vidt utbreidde artar som blåbær og tyttebær saman med mellom anna ein del blåtopp, rome og røsslyng i myrene. Nord for Rishaugan finst også ein del storfrytle. I partia med dei eldste furuene vart det mange stader registrert gubbeskjegg (NT). I tillegg vart vanlege lavartar som gullnål, raudhovudnål, kvitringnål og ymse lav frå kvistlavsamfunnet. Elles vart det av mosar mellom anna registrert råmekrevjande artar som storstylete, småstylete og dronningmose, den siste svært sparsamt. Ein kjenner elles til hekking av både tretåspett og svartspett innanfor lokaliteten rundt 1995-2000.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er påverka av eldre gjennomhogstar, slik at det for det meste er lite liggjande død ved i eldre nedbrytingsstaduim. Det finst ein del ståande død ved, men lite av denne er av grove

dimensjonar. Stadvis finst rikeleg med liggjande tømmer frå nyårsorkanen i -92. I dei nordvende partia finst også noko daud bjørk. Sjølv om både daude og levande tre mange stader er av små dimensjonar, er ein god del av desse å rekne som biologisk gamle tre grunna låg bonitet. Særleg gjeld dette i dei flate partia nord for Rishaugane. Det er ikkje hogd rundt Rishaugane i det heile dei siste 80-100 åra, men ein kjenner til historier om eldre hogstar både rundt Rishaugane og i Dyrdaalen (Olav K. Lien pers. meld).

Framande artar; Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten vert best teken vare på utan noko form for menneskeleg påverknad slik som hogst, grøfting, bygging av skogsvegar, hyttebygging osv.

Del av heilskapleg landskap: På Ertvågøya finst fleire større verdfulle område med gamal furuskog. Dei fleste av desse er som Rishaugane, høgareliggjande område.

Verdivurdering: Lokaliteten får etter faktaark frå desember 2014 høg vekt på areal (om lag 373 daa), og låg vekt på tilstand og artsmangfald. Ut frå dette, samt at det finst fleire liknande lokalitetar i området, vert lokaliteten verdisett til *Lokalt viktig – C*. Verdien kan heilt sikkert hevast ved påvising av fleire sjeldne og raudlista artar.

Kjelder:

Olav K. Lien pers. meld.



Figur 34. Avgrensing



Figur 35. Nord for Ytre Rishaugen ligg mange rotvelt frå orkanen i -92. Her står også noko gadd spreidd.



Figur 36. Liggjande død ved sør for Rishaugane.



Figur 37. Frå Rishaugane mot nord. Som ein ser er det ein del ståande død ved i lokaliteten, som strekkjer seg forbi myrområde og eit stykke nedover lia.

Lok. nr. 16. Hundhammaren

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7008100 A 464905

Areal: 9 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (100%)

Utforming: Fattig slåtteeeng (50%) og fattig slåttefukteng (50%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 17.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 17.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Imarsundet, litt nordvest for Fuglvågen i Aure kommune, og omfattar innmarka rundt husa i Hundhammeren. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt. Lausmassane består for det meste av marine strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (100%) av utformingane fattig slåtteeng (50%) og fattig slåttefukteng (50%).

Artsmangfald: Stadvis er lokaliteten noko gjengroande med bjørk. Ut over dette dominerer for det meste engkvein i feltsjiktet saman med stadvis mykje sølvbunke. Enkelte stader finst også ein del krattlodnegras og englodnegras saman med ein del blåbær i kantane. Av artar elles kan nemnast stadvis mykje smalkjempe saman med tveskjeggveronika, bråtestorr, marikåpeartar, tepperot, gulaks, blåknapp, ryllik, følblom og tiriltunge. På snaue berg finst ein del bitterbergknapp. I dei fuktigare partia førekjem i tillegg kornstorr, lyssiv, blåknapp, ryllsiv og sløke. Stadvis finst også nokre rosekratt. I tillegg vart det registrert fleire beitemarksoppar av slekta vokssopp *Hygrocybe*, men desse var ikkje mogleg å namnsetje grunna frostskaade.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare slåttemark som i dag er skjøtta med beite. Slåttemarkspreget er framleis til stades, sjølv om lokaliteten er prega av noko gjengroing, og skuggeverknader frå skogen ikring. Fleire stader finst restar av steingardar, i tillegg til at den gamle gardsvegen frå Hundhammeren er ein staseleg gamal muraveg. Ei høgspenline kryssar lokaliteten nede ved sjøen. Her ligg også eit naust.

Framande artar; Det er planta epletre og plommetre nær husa.

Skjøtsel og omsyn; Det beste vil vere om den tradisjonelle slåtten på lokaliteten vert teken opp att, gjerne i kombinasjon med haustbeite. Alternativt kan den framleis skjøttast med beite, og då gjerne med noko høgare beitestrykk enn i dag. Lokaliteten må ikkje pløyast, sprøytast eller gjødslast. Det vil vere ein fordel om noko av skogen i nord og aust vert tynna for å unngå skuggeverknadar og attgroing.

Del av heilskapleg landskap: I ytre delar av Imarsundet ligg fleire likande lokalitetar. Dei fleste av desse er i dag skjøtta med beite.

Verdivurdering: Lokaliteten får etter faktaark frå desember 2014 høg vekt på areal (om lag 9 daa), og middels vekt på tilstand og typevariasjon (to grunntypar), og låg vekt på parametra artsamangfald, påverknad og landskapsøkologi. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien *Lokalt viktig – C*. Verdien kan truleg hevast ved påvising av fleire sjeldne og raudlista artar, eller ved gjenopptaking av slåtteskjøtsel.



Figur 38. Avgrensing



Figur 39. Frå sør mot nord. Biletet er teke heilt nede ved sjøen.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister for Aure

Lok. nr. 17. Trommå

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7008902 A 464246

Areal: Ca 12 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (80%) og Engprega erstatningsbiotop (20%)

Utforming: Fattig slåtteeeng (50%), fattig slåttefukteng (30%) og plen og tun (20%).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 17.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildding:

Innleiing: Lokalitetsskilddinga er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 17.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Imarsundet, på vestsida av Ertvågsøya litt nordvest for Fuglvågen i Aure kommune, og omfattar innmarka rundt husa i Trommå. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt. Lausmassane består for det meste av marine strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (80%) av utformingane fattig slåtteeeng (50%) og fattig slåttefukteng (30%). Resten av lokaliteten består av plena rundt huset, og denne er å rekne som engprega erstatningsbiotop av utforminga plen og tun (20%).

Artsmangfald: Stadvis er lokaliteten noko gjengroande med bjørk, særleg frå kantane. Ut over dette dominerer for det meste engkvein i feltsjiktet saman med stadvis mykje sølvbunke. Enkelte stadar finst også ein del krattlodnegras og englodnegras saman med ein del blåbær i kantane. Av artar elles kan nemnast stadvis mykje smalkjempe saman med blåklokke, prestekrage, raudkløver, kvitkløver (særleg kring husa), tviskjeggveronika, gulaks, fuglevikke, bråtestorr, marikåpeartar, tepperot, hårsvæve, aurikkelsvæve, blåknapp, engsoleie, småengkall, ryllik, følblom og tiriltunge. Stadvis noko einer i eit parti sør for bekken saman med ein del lyng. Ovanfor husa finst eit større felt med einstape. Denne vart også registrert fleire andre stadar på lokaliteten. I areala som er slått som plen finst mykje kvitkløver, men

også ein del av dei artane som er nemnt tidlegare. I tillegg vart det registrert fleire funn av kjeglevokssopp, skarlagenvokssopp, mønjevokssopp og bleiktuppa småkøllesopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare slåttemark som i dag er skjøtta med beite. Slåttemarkspreget er framleis til stades, på det meste av lokaliteten, sjølv om den er prega av noko gjengroing og skuggeverknadar frå skogen ikring. Ei høgspenline kryssar lokaliteten nede ved sjøen. Her ligg også eit naust. Ein bekk deler lokaliteten i to. Eit område innanfor lokaliteten ser ut til å vere rydda for skog i løpet av dei seinare åra. Plenarealet har i alle fall stadvis vore noko planert, og er i dag skjøtta med intensiv plenslått og ber preg av noko oppgjødsling.

Framande artar; Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn; Det beste vil vere om den tradisjonelle slåttan på lokaliteten vert teken opp att, gjerne i kombinasjon med haustbeite. Alternativt kan den framleis skjøttast med beite, og då gjerne med noko høgare beite-trykk enn i dag. Lokaliteten må ikkje pløyast, sprøytast eller gjødslast. Det vil vere ein fordel om noko av skogen i nord og aust vert tynna for å unngå skuggeverknadar og attgroing. Einstape kan bekjempast ved å slå den med ein kjepp om våren.

Del av heilskapleg landskap: I ytre delar av Imarsundet ligg fleire likande lokalitetar. Dei fleste av desse er i dag skjøtta med beite.

Verdivurdering: Lokaliteten får etter faktaark frå desember 2014 høg vekt på areal (om lag 12 daa), og middels vekt på tilstand og typevariasjon (to grunntypar), og låg vekt på parametra artsmangfald, påverknad og landskapsøkologi. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien *Lokalt viktig – C*. Verdien kan truleg hevast ved påvising av fleire sjeldne og raudlista artar, eller ved gjenopptaking av slåtteskjøtsel.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 40. Avgrensing



Figur 41. Delar av lokaliteten frå sjøen og opp mot husa.

Lok. nr. 18. Trommå nord

Verdi: **Lokalt viktig - C.**

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7009064 A 464117

Areal: Ca 1,7 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (100%)

Utforming: Fattig slåtteeeng (80%) og fattig slåttefukteng (20%).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 17.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskilring:

Innleiing: Lokalitetsskilringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 17.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Imarsundet, litt nordvest for Fuglvågen i Aure kommune, og omfattar innmarka rundt husa i Trommå. Berggrunnen i dette området består i følgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt. Lausmassane består for det meste av marine strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (100%) av utformingane fattig slåtteeeng (80%) og fattig slåttefukteng (20%).

Artsmangfald: I feltsjiktet dominerer for det meste engkvein saman med mykje smalkjempe. I tillegg finst blåklokke, blåkoll, sølvbunke, småengkall, ryllik, kvitkløver, raudkløver, marikåpeartar, tunrapp (nær husa) og prestekrage. Det vart også påvist sopp i slekta vokssopp *Hygrocybe*, utan at denne vart artsbestemt, dette grunna frostskaade. Det finst nokre rosekratt nær husa.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare slåttemark som i dag er skjøtta med plenslått og streifbeite med sau. Slåttemarkspreget er framleis til stades, på det meste av lokaliteten, sjølv om den er prega av noko gjengroing og skuggeverknader frå skogen ikring. Ei høgspenline kryssar lokaliteten nede ved sjøen. Her ligg også eit naust. Ei rydningsrøys finst aust for lokaliteten.

Framande artar; Platanlønn.

Skjøtsel og omsyn; Det beste vil vere om den tradisjonelle slåtten på lokaliteten vert teken opp att, med berre sein slått (etter 15. juli), gjerne i kom-

binasjon med haustbeite. Lokaliteten må ikkje pløyast, sprøytast eller gjøds-
last. Det vil vere ein fordel om noko av skogen i nord og aust vert tynna for
å unngå skuggeverknadar og attgroing.

Del av heilskapleg landskap: I ytre delar av Imarsundet ligg fleire likande lo-
kalitetar. Dei fleste av desse er i dag skjøtta med beite.

Verdivurdering: Lokaliteten får etter faktaark frå desember 2014 høg vekt
på areal (om lag 1,7 daa), og middels vekt på tilstand og typevariasjon (to
grunntypar), og låg vekt på parametra artsmangfald, påverknad og
landskapsøkologi. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien *Lokalt viktig – C*.
Verdien kan truleg hevast ved påvising av fleire sjeldne og raudlista artar,
eller ved meir målretta skjøtsel.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 42. Avgrensing.



Figur 43. Biletet er teke nede ved sjøen og oppover mot husa.

Lok. nr. 19. Viavika

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7009476 A 463718

Areal: Ca 7,2 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (100%)

Utforming: Fattig slåtteeeng (80%) og fattig slåttefukteng (20%).

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 17.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 17.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Imarsundet, litt sørvest for Ormbostad i Aure kommune, og omfattar innmarka rundt husa i Viavika. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet foliert granitt samt glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis. Lausmassane består for det meste av marine strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (100%) av utformingane fattig slåtteeeng (80%) og fattig slåttefukteng (20%).

Artsmangfald: I feltsjiktet dominerer for det meste engkvein saman med mykje smalkjempe. I tillegg finst blåklokke, sølvbunke, småengkall, ryllik, kvitkløver, raudkløver, marikåpeartar, jordnøtt, tepperot, finnskjegg, tiriltunge, gulaks og prestekrage, i tillegg til harerug, lyssiv, knappsiv og blåknapp i fuktigare parti. I nord finst eit parti med meir einstape. Det finst også ein del yngre einer, bjørk og furu.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare slåttemark som i dag er skjøtta med streifbeite med sau og hjort. Slåttemarkspreget er framleis til stades, på det meste av lokaliteten, sjølv om den er prega av noko gjengroing og skuggeverknader frå skogen ikring. Ved sjøen ligg eit naust. Fleire stader er det nyleg rydda for yngre lauvkratt.

Framande artar; Ingen registrerte.

Skjøtsel og omsyn; Det beste vil vere om den tradisjonelle slåtten på lokaliteten vert teken opp att, med berre sein slått (etter 15. juli), gjerne i kombinasjon med haustbeite. Lokaliteten må ikkje pløyast, sprøytast eller gjødslast. Det vil vere ein fordel om noko av skogen i nord og aust vert tynna for å unngå skuggeverknadar og attgroing.

Del av heilskapleg landskap: I ytre delar av Imarsundet ligg fleire likande lokalitetar. Dei fleste av desse er i dag skjøtta med beite.

Verdivurdering: Lokaliteten får etter faktaark frå desember 2014 høg vekt på areal (om lag 7,2 daa), og middels vekt på tilstand og typevariasjon (to grunntypar), og låg vekt på parametra arts mangfald, påverknad og landskapsøkologi. Ut frå dette oppnår lokaliteten verdien *Lokalt viktig – C*. Verdien kan truleg hevast ved påvising av sjeldne og raudlista artar, eller ved meir målretta skjøtsel.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 44. Avgrensing.



Figur 45. Lokaliteten frå sjøen opp mot husa.

Lok. nr. 20. Stormyra ved Hundhammarvatnet

Verdi: **Lokalt viktig - C.**

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7008698 A 465378

Areal: ca 40 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Kystmyr (100%)

Utforming: Annen kystmyr (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 17.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskilring:

Innleiing: Lokalitetsskilringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 17.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare. Det ligg ein god del registreringar i Artskart frå dette området, og lokaliteten har vore oppsøkt mellom anna av Finn Oldervik den 04.06.2004, og Hans A. Olsvik den 03.05.2008 og ved fleire andre høve.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar myra like vest for Hundhammarvatnet sørvest på Ertvågøya i Aure kommune. Myra består av både fastmattemyr og høljjer, og er å rekne som ei blanding av nedbørsmyr og flatemyr. Berggrunnen i dette området består av glimmerrik gneis og migmatitt, medan lausmassane for det meste består av torv. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som kystmyr av utforminga anna kystmyr (100%).

Artsmangfald: I dei turrare partia av myra med mest torvdanning finst mykje heigråmose saman med reinlav på tuvane. I botnsjiktet dominerer torvmosar. Elles vart det her registrert tettegras, røsslyng, torvull, klokkelyg, molte, rundsoldogg, rome og bjørneskjegg. Her veks også mykje småfallen furu. I litt fuktigare partia finst artar som flekkmarihand, trådstorr, flaskestorr, bukkeblad, myrhatt, sveltstorr, stjernestorr og duskull. I kantsonene mot skogen i vest vart det i tillegg registrert mellom anna kornstorr, blåtopp og tepperot. I tillegg til torvmosar vart det registrert mellom anna myrfiltmose og grasmose.

Frå tidlegare er det mellom anna registrert mange vanlege lavartar i tillegg til dei meir sjeldne knappenålslavane dverggullnål og rotnål (NT), begge litt vest for lokaliteten. Innanfor lokaliteten er det også registrert ein del insekt som mellom anna variabel blåvannymfe, kystvannymfe, vanleg metallvannymfe, stor blåvannymfe, kystvannymfe, fjellaugnestikkar, vanleg aug-

nestikkar, brun augnestikkar, vanleg metallaugnestikkar, myrmetallaugnestikkar, firfleklibelle, svart haustlibelle og raudbrun haustlibelle. I Hundhammarvatnet er det nyare registreringar av ål (CR). Det er også fleire registreringar av storfugl og orrfugl i området.

Bruk, tilstand og påverknad: Forutan ei kryssande lågspentline og Fv 367 noko vest for myra, verkar lokaliteten å vere rimeleg intakt. Dei delane av myra som er å rekne som flatemyr, har tidlegare vore ein del av Hundhammarvatnet, men er no attgrodd. Her finst mange mindre dammar og høljer. I desse områda vart det då også registrert fleire artar som tilhøyrrer intermediære myrtypar. Tidlegare var området beita av husdyr, men i dag er det berre streifbeita av hjort.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten bør så langt det er råd få utvikle seg fritt og liggje i fred for menneskeleg påverknad. Dette inkluderer også vegen i vest, der ein bør vere forsiktig med grøfting og deponering av massar.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten ligg i eit område med stadvis mykje myr. Det meste av denne er svært fattig. Mange av dei lågareliggjande myrene i området er prega av grøfting og tilplanting med gran.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra areal (ca 40 daa), typevariasjon og biogeografi, og høg vekt for tilstand/hydrologi. I og med at lokaliteten ligg på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone, skal den ut i frå faktaarket ha verdien *Lokalt viktig – C*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 46. Avgrensing.



Figur 47. Frå sør mot nord. Som ein ser finst ein del daut ved i området. Truleg er ein del av skogen her gamal trass i små dimensjonar.

Lok. nr. 21. Lia aust

Verdi: **Viktig - B.**

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7009627 A 465471

Areal: ca 6 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Rik edellauvskog (100%)

Utforming: Lågurt-hasselkratt (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 18.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Både Oldervik og Lien Langmo har fleire gonger tidlegare oppsøkt lokaliteten.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar den brattaste delen av ei lauvskogsli rett aust for småbruket Lia sørvest på Ertvågøya i Aure kommune. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt, men det er truleg at det også finst glimmerskifer her. Lausmassane består for det meste av tynne morenemassar, men er stadvis svært sparsame. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den på grensa mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rik edellauvskog av utforminga lågurt-hasselkratt (100%).

Artsmangfald: I tresjiktet dominerer for det meste hassel saman med noko bjørk, selje og furu. Det finst også noko yngre og eldre alm (NT) her. I feltsjiktet er det mellom anna registrert sanikel, myske, revebjølle, lundrapp, brunrot, skogburkne, hengeaks og trollurt. Stadvis er lungeneversamfunnet rimeleg godt utvikla både på tre og på berg, med artar som lungenever, skrubbenever, sølvnever og kystnever saman med ein del vren-gjer. Også artar som rurlav og blåfiltlav vart registrert. I botnsjiktet dominerer storkransmose saman med mellom anna droningmose (sparsamt), almeteppe-mose, krypsilkemose, palmemose og tujamosar. Ein reknar potensialet for raudlista artar mellom anna av lav og sopp som godt, då mange slike artar er knytt til gamle hasselkratt.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare beita av husdyr frå det no nedlagde gardsbruket like ved. Mykje av dei omkringliggjande areala har vore tilplanta med gran, men denne er hoggen i dei seinare åra. Innanfor

lokaliteten finst ein del liggande død ved av ymse lauvtre i ulike nedbrytingsfasar. Ein del av hasselkratta let til å vere rimeleg gamle. I den nedre delen av lia finst stadvis innslag av blokkmark. Funn av fleire fuktkrevjande mosar vitnar om ein viss påverknad av sigevatn.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten bør så langt det er råd få utvikle seg fritt og liggje i fred for menneskeleg påverknad. Dette inkluderer også hogst og treslagsskifte. Gran som spreier seg inn på lokaliteten bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Ved Imarsundet ligg fleire likande lokalitetar. Dei fleste av desse er små, og finst i liknande sør- og sørvestvende skråningar. For det meste framstår dei som små fragment i eit landskap som elles er dominert av barskog.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra areal (ca 6 daa), artsmangfald, påverknad, og habitatkvalitet. I tillegg oppnår den høg vekt for parametra sjeldne og truga naturtypar og framande artar. Ut frå dette vert verdien sett til *Viktig – B*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslistar for Aure



Figur 48. Avgrensing



Figur 49. Nedste del av lia. Områda rundt er sterkt prega av tidlegare granplanting.

Lok. nr. 22. Vikaberga

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7009323 A 464532

Areal: ca 2,8 daa

Naturtyperegistreringer:

Naturtype: Rik edellauvskog (100%)

Utforming: Lågurt-hasselkratt (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 18.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er tidlegare undersøkt av Finn Oldervik, Bioreg AS.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit lite parti av ei bratt, sørvend li sør for Ormbostad i Aure kommune. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt, men det er truleg at det også finst glimmerskifer her. Lausmassane består for det meste består av tynne morenemassar, og delvis også av rein ur. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rik edellauvskog av utforminga lågurt-hasselkratt (100%).

Artsmangfald: I tresjiktet dominerer for det meste hassel saman med noko bjørk og furu. Det finst også noko yngre og eldre alm (NT) her. I feltsjiktet er det mellom anna registrert sanikel, myske, lundrapp, brunrot, skogburkne, og hengeaks. Stadvis er lungeneversamfunnet rimeleg godt utvikla både på tre og på berg, med artar som lungenever, skrubbenever, sølvnever og kystnever saman med ein del vregjer. Også artar som rurlav, ymse glyelav og blåfiltlav vart registrert. I botnsjiktet dominerer storkransmose saman med mellom anna almeteppepose, krypsilkemose, palmemose og tujamosar. Ein reknar potensialet for raudlista artar mellom anna av lav og sopp som godt, då mange slike artar er knytt til gamle hasselkratt.

Bruk, tilstand og påverknad: Innanfor lokaliteten finst ein del liggande død ved, for det meste nyare læger av furu. Ein del av hasselkratta let til å vere rimeleg gamle. I den austlege delen av lokaliteten går det over i rein steinur.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten bør så langt det er råd få utvikle seg fritt og liggje i fred for menneskeleg påverknad. Dette inkluderer også hogst og treslagsskifte. Gran som spreier seg inn på lokaliteten bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Ved Imarsundet ligg fleire liknande lokalitetar. Dei fleste av desse er små, og finst i liknande sør- og sørvestvende skrånningar. For det meste framstår dei som små fragment i eit landskap som elles er dominert av barskog.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra areal (ca 2,8 daa), arts- og artsmangfald, påverknad, og habitatkvalitet. I tillegg oppnår den høg vekt for parametra

sjeldne og truga naturtypar og framande artar. Ut frå dette vert verdien sett til ein svak *Viktig – B*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister for Aure



Figur 50. Avgrensing.



Figur 51. Her ser ein det meste av lokaliteten.

Lok. nr. 23. Åsen aust I

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7006676 A 466340

Areal: ca 1,8 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Rik edellauvskog (100%)

Utforming: Lågurt-hasselkratt (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 15.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 18.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Både Oldervik og Lien Langmo har fleire gonger tidlegare oppsøkt lokaliteten.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit lite parti av ei bratt, austvendt li like vest for Fuglvågvatnet i Aure kommune. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis, migmatitt og eklogitt, men det er truleg at det også finst glimmerskifer her. Lausmassane består for det meste av tynt humus- og torvdekke. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den i sør-boreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rik edellauvskog av utforminga lågurt-hasselkratt (100%).

Artsmangfald: I tresjiktet dominerer for det meste hassel saman med noko bjørk og furu, i tillegg til nokre yngre grantre. I feltsjiktet er det mellom anna registrert myske, lundrapp, brunrot, skogburkne, ramslauk, kranskonvall, stortveblad og hengeaks. Stadvis er lungeneversamfunnet rimeleg godt utvikla, med artar som lungenever, skrubbenever, sølvnever og kystnever saman med ein del vrengjer. Også artar som rurlav, ymse glyelav og blåfiltlav vart registrert. I botnsjiktet dominerer storkransmose saman med mellom anna almeteppepose, krypsilkemose, palmemose og tujamosar. Ein reknar potensialet for raudlista artar mellom anna av lav å vere til stades, då mange slike artar er knytt til rike hasselkratt som dette. Tidlegare er det registrert larvar av lita ramslaukfluge (EN) innanfor lokaliteten (Kjelde; Oldervik, 2009).

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen verkar å vere middels gamal, med enkelte eldre hasselkratt. Tidlegare var det beita her, men dette er det slutt på for lenge sidan. Sør for lokaliteten er det planta gran. Ei høgspente line går over lokaliteten i nord, og den ligg elles tett inntil FV 367.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten bør så langt det er råd få utvikle seg fritt og liggje i fred for menneskeleg påverknad. Dette inkluderer også hogst og treslagsskifte. Gran som spreier seg inn på lokaliteten bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Ved Imarsundet ligg fleire slike lokalitetar. Dei fleste av desse er små, og finst i liknande sør- og sørvestvendte skråningar. For det meste framstår dei som små fragment i eit landskap som elles er dominert av barskog.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra areal (ca 1,8 daa), artsmangfald, påverknad, og habitatkvalitet. I tillegg oppnår den høg vekt for parametra sjeldne og truga naturtypar og framande artar. Ut frå dette vert verdien sett til ein svak *Viktig – B*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Oldervik, F. G. 2009. Undersøking av førekomststar av lita ramslaukfluge på Nordre Nordmøre og i Trøndelagsfylka vår/sommar 2011. Bioreg AS Rapport 2011 : 14. ISBN-nr. 978-82-8215-161-0



Figur 52. Avgrensing



Figur 53. Biletet er teke frå nord mot sør.

Lok. nr. 24. Vika, innmarka

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7006341 A 466025

Areal: ca 4 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Slåttemark (90%), hus og fjøstomt 10%

Utforming: Fattig slåtteeeng (90%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 18.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Tidlegare er lokaliteten undersøkt av Lien Langmo mange gonger.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar innmarka i Vika, eit lite veglaust småbruk mellom Ytre og Indre Fuglvåg i Aure kommune. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis, migmatitt og eklogitt, men det er truleg at det også finst glimmerskifer her. Lausmassane består for det meste av tynt humus- og torvdekke, men det er også innslag av strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark av utforminga fattig slåtteeeng (90%), men det finst også enkelte indikatorar på ein viss baserikdom. Resten av lokaliteten består av hus og fjøs.

Artsmangfald: Av artar kan nemnast stadvis mykje prestekrage, gulaks og blåklokke saman med mellom anna raudkløver, kvitkløver, fuglevikke, gjerdevikke, ryllik, engkvein, krattlodnegras, grov nattfiol, harerug, hanekam, fjølblom, englodnegras, sølvbunke og småengkall. Stadvis finst innslag av noko blåbærelyng og enkelte yngre rognetre. Nord for husa finst ein del osperenningar. Ned mot sjøen veks det litt dunhavre og noko blåkoll. I kantane førekjem stadvis myske.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare slåttemark som i dag er skjøtta med streifbeite av hjort. År om anna er den også haustbeita med storfe. Slåttemarkspregget er framleis til stades, på det meste av lokaliteten, sjølv om den er prega av noko gjengroing og skuggeverknader frå skogen omkring. Særleg gjeld dette nord for husa. Ved sjøen ligg eit naust.

Framande artar; Ikkje anna enn nokre frukttre planta nord for husa.

Skjøtsel og omsyn; Det beste vil vere om den tradisjonelle slåttan på lokaliteten vert teken opp att, med berre sein slått (etter 15. juli), gjerne i kombinasjon med haustbeite. Lokaliteten må ikkje pløyast, sprøytast eller gjødslast. Det vil vere ein fordel om noko av skogen i nord vert tynna for å unngå skuggeverknadar og attgroing. I tillegg må den nordlege delen ryddast for lauvoppslag.

Del av heilskapleg landskap: Ved Imarsundet ligg fleire liknande lokalitetar. Dei fleste av desse er små, og finst i sør- og sørvestvende skråningar. For det meste framstår dei som små fragment i eit landskap som elles er dominert av barskog.

Verdivurdering: Lokaliteten får etter faktaark frå desember 2014 høg vekt på areal (om lag 4 daa), og elles låg vekt på alle parametra, noko som tilseier at lokaliteten skal ha verdien *Lokalt viktig – C*. Verdien kan truleg hevast ved gjenopptaking av slåtteskjøtsel.



Figur 54. Avgrensing.



Figur 55. Frå nord mot sør. Den beste delen av slåttemarka ligg sør for husa.

Lok. nr. 25. Vika

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7 006279 A 466067

Areal: ca 1,2 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Rik edellauvskog (100%)

Utforming: Lågurt-hasselkratt (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 18.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Tidlegare er lokaliteten undersøkt av Lien Langmo mange gonger.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit mindre areal med lauvskog sør for innmarka i Vika mellom Ytre og Indre Fuglvåg sørvest på Ertvågøya i Aure kommune. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis og migmatitt, men det er truleg at det også finst glimmerskifer her. Lausmassane består for det meste av tynt humus- og torvdekke, men det er også innslag av strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rik edellauskog av utforminga lågurt-hasselkratt (100%).

Artsmangfald: I tresjiktet dominerer for det meste hassel saman med noko bjørk og furu. I feltsjiktet er det mellom anna registrert sanikel, myske, lundrapp, skogburkne, hengeaks og trollurt. Stadvis er lungeneversamfunnet sparsamt utvikla, med artar som lungenever, saman med ein del vrengrer. Også artar som rurlav og vanleg skriftlav vart registrert. I botnsjiktet dominerer storkransmose Ein reknar potensialet for raudlista artar mellom anna av lav og sopp å vera til stades, då mange slike artar er knytt til slike hasselkratt.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er tidlegare slått og beita av folket på småbruket like ved. Mykje av dei omkringliggjande areala er attvaksne med furu og lauvskog. Innanfor lokaliteten er det svært lite død ved. Ein del av hasselkratta let til å vere rimeleg gamle. Restar av eit gammalt steingjerde finst innanfor lokaliteten.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokaliteten bør så langt det er råd få utvikle seg fritt og liggje i fred for menneskeleg påverknad. Dette inkluderer også hogst og treslagsskifte.

Del av heilskapleg landskap: Ved Imarsundet ligg fleire liknande lokalitetar. Dei fleste av desse er små, og finst mest i sør- og sørvestvende skråningar. For det meste framstår dei som små fragment i eit landskap som elles er dominert av barskog.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for parametra areal (ca 1,2 daa) og arts- og artsmangfald, midt vekt på påverknad, og habitatkvalitet. I tillegg oppnår den høg vekt for parametra sjeldne og truga naturtypar og framande artar. Ut frå dette vert verdien sett til ein svak *Viktig – B*.



Figur 56. Avgrensing.



Figur 57. Gamalt steingjerde inne i skogen.

Lok. nr. 26. Åsen aust II

Verdi: **Viktig - B.**

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7006485 A 466310

Areal: ca 3 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Rik edellauvskog (100%)

Utforming: Lågurt-hasselkratt (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo.

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 18.11.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten omfattar eit lite parti av ei bratt, austvendt li like sørvest for Fuglvågvatnet i Aure kommune. Berggrunnen i dette området består i fylgje berggrunnskartet av glimmerrik gneis, migmatitt og eklogitt, men det er truleg at det også finst glimmerskifer her. Lausmassane består for det meste av tynt humus- og torvdekke. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2). I fylgje same kjelde ligg den i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som rik edellauvskog av utforminga lågurt-hasselkratt (100%).

Artsmangfald: I tresjiktet dominerer for det meste hassel saman med noko bjørk og furu, i tillegg til nokre yngre grantre og ein del osp høgst oppe i lia. Det er også nokre få almer (NT) her. I feltsjiktet er det mellom anna registrert myske, lundrapp, skogburkne, einstape og hengeaks. Stadvis er lunge-neversamfunnet rimeleg godt utvikla, med artar som lungenever, sølvnever og kystnever saman med ein del vrengjer. Også artar som rurlav, ymse glyelav, vanleg skriftlav og blåfiltlav vart registrert. I botnsjiktet dominerer storkransmose saman med mellom anna almeteppepose, krypsilkemose, palmemose og tujamosar. Ein reknar potensialet for raudlista artar mellom anna av lav å vere til stades, då mange av desse artane er knytt til slike hasselkratt.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen verkar å vere middels gamal, med enkelte eldre hasselkratt. Tidlegare var det beita her, men dette er det slutt på for lenge sidan. Sør og nord for lokaliteten er det planta gran.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Lokalteten bør så langt det er råd få utvikle seg fritt og liggje i fred for menneskeleg påverknad. Dette inkluderer også hogst og treslagsskifte. Gran som spreier seg inn på lokaliteten bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Ved Imarsundet ligg fleire likande lokalitetar. Dei fleste av desse er små, og finst i likande sør- og sørvestvende skråningar. For det meste framstår dei som små fragment i eit landskap som elles er dominert av barskog.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten middels vekt for parametra areal (ca 3 daa), artsmangfald, påverknad, og habitatkvalitet. I tillegg oppnår den høg vekt for parametra sjeldne og truga naturtypar og framande artar. Ut frå dette vert verdien sett til ein svak *Viktig – B*.



Figur 58. Avgrensing.



Figur 59. Den nordlegaste delen av lokaliteten.

Lok. nr. 27. Fuglvågen

Verdi: Lokalt viktig - C.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7006331 A 466370

Areal: 3 daa

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Strandeng og strandsump (100%)

Utforming: Seminaturleg strandeng (100%)

Vernestatus: Ingen

Feltsjekk: 18.11.2014 av Solfrid Helene Lien Langmo

Avgrensingspresisjon: < 20 meter.

Målemetode: Avgrensa etter flyfoto og bruk av GPS.

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er utarbeidd av Solfrid Helene Lien Langmo 14.04.2014 Bioreg AS, der eige feltarbeid 02.07.2014 i hovudsak er lagd til grunn. Undersøkinga vart gjort på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal som del av ei supplerande naturtypekartlegging i Aure kommune. Lokaliteten er ikkje undersøkt tidlegare.

Plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Fuglvågen i Aure kommune, og består av strandenga mellom innmarka og fjøra rundt Vågen. Bukta har eit ganske smalt utløp i sjøen slik at den ligg i le for vind og bølger. Berggrunnen i dette området består av migmatittgneis og eklogitt, medan lausmassane for det meste består av strandavsetningar. Moen (1998) plasserer lokaliteten i klart oseanisk seksjon (O2) og i sørboreal vegetasjonssone.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Lokaliteten er avgrensa som strandeng og strandsump av utforminga seminaturleg strandeng (100%).

Artsmangfald: I strandengene vart det mellom anna registrert saltsiv, strandkjempe, jåblom, fjøresauløk, strandrug, hanekam, gjerdevikke, fuglevikke, raudsvingel, tiriltunge, småengkall, sløke, fjørekoll, strandstjerne, gåsemure og strandkryp.

Mot innmarka finst eit belte med mellom anna mjøurdurt, hundegras, strandrør, hundekjeks og vendelrot.

Det er ved fleire høve registrert hekkande strandsnipe (NT) i området, og vadefuglar som raudstilk og grønstilk nyttar området til næringssøk. Fjøra i denne bukta består av finkorna materiale og stadvis kvikksand. Slike område er viktige for mange vadefuglar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er påverka av ulike menneskelege aktivitetar gjennom at det er gravd ein kanal inn til fleire naust bygd rett sør for lokaliteten. Stadvis er strandenga prega av gjengroing.

Framande artar; Ingen

Skjøtsel og omsyn; Ekstensivt beite vil vere ein fordel for å halde lokaliteten open og hindre attgroing. Dette bør gå føre seg med kalvar eller lette storferasar. Ut over dette bør lokaliteten få vere i fred for menneskeleg påverknad inkludert meir utfylling med stein.

Del av heilskapleg landskap: På denne sida av Ertvågøya er det registrert få liknande lokalitetar.

Verdivurdering: Etter faktaark for naturtypen frå desember 2014 oppnår lokaliteten låg vekt for parametra areal (ca 3 daa), artsmangfald og raudlisteartar, og låg til middels vekt for parametret tilstand. Ut frå dette får lokaliteten verdien *Lokalt viktig - C*.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>



Figur 60. Avgrensing



Figur 61. Den austlege delen av lokaliteten mot Fuglvåggarden.

Lok. nr. 028 Skausetelva, nedre del

Verdi: Viktig - B.

Aure kommune i Møre og Romsdal

Naturbase-nummer: Ny lokalitet

UTM EUREF89 32V N 7 017 637 Ø 465 502

Naturtyperegistreringar:

Naturtype: Rik edellauvskog (50 %), rik boreal lauvskog (15 %) og flaummarksskog (35 %).

Utforming: Gråor-almeskog (50 %), rik boreal lauvskog i lisider (15 %) og flaumpåverka oreskog (35 %).

Vernestatus: Ingen vernestatus.

Feltsjekk: 12.06.2009 Finn Gunnar Oldervik (siste), Oldervik ei rekke gonger, sist den 12.06.2009. Langelo den 18.05.2009.

Avgrønsingspresisjon: Betre enn 20 m

Lokalitetsskildring:

Innleiing: Lokalitetsskildringa er opphavleg utarbeidd av Finn Oldervik, seinare tilpassa nye faktaark av Solfrid Helene Lien Langmo 20.04.2015 grunna på feltarbeid utført av Finn Gunnar Oldervik 12.06.2009. Sistnemnde har også vitja lokaliteten ved mange andre høve. Geir Langelo vitja deler av lokaliteten den 18.05.2009.

Lokalisering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langs den nedre delen av Skausetelva i Aure kommune, og utgjer eit belte langs elva på begge sider heilt ned til Skausetvatnet. Beltet varierer noko i breidde. Det er relativt liten høgdeforskjell frå øvst til nedst på denne lokaliteten, Men særskild øvst på sørsida er det teke med noko liskog som til-saman er rekna til om lag 15 % av det totale arealet. Mykje av lokaliteten er noko flaumpåverka og elva er stadvis forbygd, men ikkje plastra. Berggrunnen i dette området består for det meste av glimmerskifer, amfibolitt, kalksilikatskifer, metasandstein, kalkspatmarmor og gneis, medan lausmassane består av elveavsetningar og tynne morenemassar. Moen (1998) plasserer lokaliteten på grensa mellom klart oseanisk (O2), og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon, humid underseksjon (O3h), samt i sørboreal vegetasjonssone (SB).

Naturtypar og utformingar: Lokaliteten er ei blanding av rik edellauvskog av utforminga gråor/almeskog (ca 50 %), rik boreal lauvskog av utforminga rik boreal lauvskog i lisider (ca 15 %) og flaummarksskog av utforminga flaumpåverka oreskog (ca 35 %). Artsinventaret i feltsjiktet peikar tydeleg mot høgstaudeskog svært typisk for frodig gråor/heggeskog. Lokaliteten er skogvaksen med gråor, alm (NT) og hegg som dominerande treslag.

Artsmangfold: Utanom dei treslaga som er nemnd i førre avsnittet, så kan ein nemna bjørk, rogn og selje samt ymse vierartar. Typiske artar i feltsjiktet er strutseveng, turt og tyrihjel, saman med mykje skogstjerneblom og noko geitrams. Av andre artar kan nemnast bringebær, storklokke, mjørdurt, vendelrot, enghumbleblom, kratthumbleblom, firblad, myrhatt, skogsvinerot og sumphaukeskjegg. Stadvist, gjerne nærast elva og andre stadar det er meir opent finn ein litt meir lågurtprega område med artar som; hengeveng, skogfiol, myrfiol, kvitveis, jordbær, stankstorkenebb, fjellmarikåpe blåklokke, tviskjeggveronika, gulaks, harerug, nattfiol og gulsildre. Heilt ned mot vatnet er det også registrert artar som grøftesoleie og evjesoleie, men også den lokalt sjeldne arten, veikveronika. Også gulldusk finst her.

Lavfloraen verkar å vera triviell, kanskje helst på grunn av manglande kontinuitet i gammalskogselement. Sjølv om noko av skogen no kan verka ganske gamal, så ligg lokaliteten såpass nær busetnaden på gardane her at ein må rekna med at det har vore drive hyppig vedhogst og beite her gjennom tidene. Deler av den vart da også hogd rett før dei siste feltregistreringane. Av påviste lavartar kan nemnast; kystfiltlav, skrubbenever, glattvrenge, grynvrenge og kystvrenge. Det er påvist nokre råtevedsoppar på lokaliteten, men ingen særskild gode signalartar eller raudlista artar. Ein kan likevel nemna følgjande artar; Beltekjuke, Gloeocystidiellum leucoxanthum, Gloeocystidiellum porosum, Gulknorteskinn Hyphodontia alutaria, Hyphodontia aspera, Hyphodontia rimosissima og lønnekjuke.

Det er eit yrande fugleliv på lokaliteten og det er registrert hekkande kvitryggspett fleire gonger her. Også varslar er observert syngande innan lokaliteten. I tillegg vart det registrert hekkande vendehals for nokre år sidan (pers meld. Svanhild Skogset).

Påverknad/bruk/tilstand: Som nemnd så er elva noko forbygd innan deler av lokaliteten og eit grustak ligg delvis innan den avgrensa lokaliteten. Både den gamle og den nye bygdevegen kryssar lokaliteten. Tidlegare har det nok også vore beita på deler av den. I våre dagar er det truleg mest hjorten som nyttar beita her, men den øvste delen vert delvis nytta til sauebeite. Stadvis er det også drive noko hogst i nyare tid, særleg nedanfor vegen, men stadvis også oppom fylkesvegen.


Framande artar: Utanom akeleie er det ikkje registrert framande artar på lokaliteten. Akeleie kjem opphavleg frå Sentral-Europa.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten treng neppe særskild skjøtsel, men bør ikkje utsetjast for intensiv husdyrbeiting. Snauhogst av lokaliteten vil truleg vera lite gunstig, men plukkhogst til ved er neppe skadelig for naturverdiane her. Elles vil alle graveaktivitetar vera skadeleg for denne lokaliteten. Det same vil sjølvsagt treslagskifte vera.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten er meir eller mindre eineståande i Aure, og såleis ikkje ein del av eit heilskapleg landskap, sjølv om det fleire stader kring Skausetvatnet, og også elles i Aure finst mange mindre lokalitetar med flaumpåverka gråorskog.

Verdigrunngjeving: Om ein vurderer den rike edellauvskogen innanfor lokaliteten etter faktaark frå desember 2014, oppnår lokaliteten høg vekt på parameteret areal (ca 27 daa av lokaliteten). Den oppnår middels vekt for parametera artsmangfald, sjeldne og truga naturtypar, påverknad og habitatkvalitet. I tillegg oppnår den høg vekt på parameteret framande artar, som her er så å seie fråverande. Denne delen av lokaliteten oppnår difor verdien viktig – B. Om ein vurderer den rike boreale lauvskogen og flaummarksskogen separat, er dette område som ligg mellom verdiane Lokalt viktig – C og Viktig – B. Sett under eitt oppnår lokaliteten verdien Viktig – B, mellom

anna grunna store førekomstar av den austlege arten, tyrihjem veks så talrik såpass langt vest og ut mot kysten. Det er heller ingen andre stadar i Aure at ein finn så godt utvikla gråor/almeskog.



Figur 62. Kartutsnittet viser avgrensinga av Lok. nr. 28. Skausetelva, nedre del



Figur 63. Biletet viser utlaupe av Skausetelva i Skausetvatnet.



Figur 64. Her ser vi Skausetelva ved eit gammalt grustak eit par hundre meter oppom fylkesvegen.

Kjelder:

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/>

Finn Oldervik, private artslister og notatar for Aure